




Strid om faglig forankring

Ansatte ved Universitetet i Stavanger kritiserer ledelsen for å operere på egen hånd. Etableringen av et nytt forskningssenter har aktualisert universitetsdemokratiet.

Side 12-17



150 ÅR
1859 - 2009

JUBILEUMSKONFERANSEN MAT 2009 Ås, 28. MAI


Jubileumskonferansen er ett av høydepunktene under Universitetet for miljø- og biovitenskaps 150-års jubileum.

Velkommen til en spennende faglig dag på Ås.
For mer informasjon og påmelding: www.umb.no/mat2009

Et samarbeid mellom UMB, NOFIMA, BIOFORSK og Norsk institutt for Skog og Landskap

KOMMUNIKASJONSAVDELINGEN 2009





12: – Et godt regissert kupp

Ved UiS har både fagforeninger og professorer fått blod på tann. Opprettingen av Senter for bærekraftig energi har utløst debatt om universitetsdemokrati.



20: Samtalen

– Jeg kan ikke skjønne at det kan finnes en mer interessant universitetspolitisk stilling enn den jeg har, sier Nokut-styreleder Petter Aaslestad.



30: Sikter mot stjernene

Observatoriet ved Solli plass i Oslo er den eldste bygningen som er reist av et norsk universitet til vitenskapelige formål. Nå skal det restaureres.

4: Nei til innstegstillinger

Er innstegstillinger eller *tenure track* et skritt fram eller tilbake for forutsigbarheten i forskerkarrieren? Den nye forskningsmeldingen fraråder stillingstypen.

5: Universitet innen 2010?

Universitetet i Nordland kan snart være en realitet. – I så fall vil det bli Norges fjerde hybrid-universitet, mener Steinar Stjernø. Men han ser ingen grunn til å moralisere.

6: – Sjokkerte over nytt system

– Modellene som ligger på forhandlingsbordet vil innebære en rasing av dagens offentlige tjenestepensjon, sier Stein Stugu i De Facto Kunnskapssenter for fagorganiserte.

7: Fast ansatt uten å vite det

Helt siden opprettelsen i 1993 har Universitetssenteret på Svalbard systematisk brutt loven, hevder Forskerforbundets jurist Hildur N. Nilssen.

8: Stillingsbetegnelsene florerer

Norge har verken enhetlige regler for opprykk eller retningslinjer for kompetansevurdering av vitenskapelig ansatte i instituttsektoren. Forskjellene instituttene imellom er store.

9: Små museer nedprioriteres

Museumsreformen skulle føre til faglig styrking, og små museum skulle nyte godt av større fagmiljø. I virkeligheten har mange museumsansatte nok med den daglige driften.

FASTE SIDER

24: Feltrapport

28: Historiske bilder

35: Leder

36: Kronikk

38: Bøker

40: Debatt

41: Gjesteskrubenten

45: Informasjon fra Forskerforbundet



Forskerforum

Nr. 5/2009 – 41. årgang

Fagblad om forskning og høyere utdanning. Forskerforum blir redigert etter redaktørplakaten og er medlem i Fagpressen.

UTCIVER: Forskerforbundet, Postboks 1025 Sentrum, 0104 Oslo, Telefon: 21 02 34 00/Telefaks: 21 02 34 01

ANSVARLIG REDAKTØR: KJETIL A. BROTTVEIT, kjetil.brottveit@forskerforum.no

REDAKSJONSSEKRETÆR: ELIN H. REKDAL, elin.rekdal@forskerforum.no

JOURNALIST: JOHANNE LANDSVERK, johanne.landsverk@forskerforum.no

KONTAKT REDAKSJONEN: redaksjonen@forskerforum.no

REDAKSJONSRÅD: Martin Eide, professor UiB, Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiT, Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ANNONSER: Arne Aardalsbakke, Telefon: 64 87 67 90, Telefaks: 64 87 67 91, E-post: annonser@forskerforum.no

For fortløpende oppdatering: www.forskerforum.no

Design: Concorde Design. Forsideillustrasjon: Kari Stai/Patron. Trykk: Askim Grafiske Senter, avd. Trinfo Unique

ISSN 0800-1715. Opplag: 18 000

Innstegstillingar lagde på is:

Nei frå regjeringa, varsamt ja frå Forskerforbundet

Forskerforbundet har tvilt seg fram til eit ja til innstegstillingar – med ei rekkje atterhald. Men den nye forskingsmeldinga seier nei.

Mange hadde venta at forskingsmeldinga som vart lagt fram 24. april, ville varsle innføring av såkalla innstegstillingar eller *tenure track* ved norske universitet og høgskular. Men slik vart det ikkje. I meldinga heiter det: «Hvis institusjonene skulle øke bruken av denne typen tilsetninger på bekostning av faste stillinger, vil det totalt sett bli enda lengre vei fram til fast tilsetning. Dette kunne på sikt gjøre at forskningssektoren framstår som mindre attraktiv.»

Regjeringa ser fleksibiliteten i dagens stillingsstruktur som tilstrekkeleg for å rekruttere gode kandidatar, og oppfordrar institusjonane til å bruke det handlingsrommet dei har til å gje folk meir føreseielege karriereløp.

Innstegstillingar skal vere ei form for tilsetjing som liknar ei lang prøvetid: Forskarar skal kunne kvalifisere seg til stilling som professor eller førsteamanuensis gjennom eit fastlagt løp på opptil sju år.

Vil delta i debatten

Dette har vore ei vanskeleg sak å handtere for Forskerforbundet. Hovudstyret vedtok 23. april – altså dagen før forskingsmeldinga vart lagt fram – å stille seg varsamt positivt til ei slik ordning. Føresetnaden for slik støtte er at ei eventuell innstegsordning oppfyller ei liste på

ti kriterium, mellom anna desse: Åremålet skal vere på seks år, og kan ikkje forlengast. Hovudføremålet skal vere å kvalifisere folk til stilling som professor. Innstegstillingane skal tildelast over statsbudsjettet, og bruken av postdoktorstillingar må strammast inn. Forbundet kan ikkje godta forslag om ei innstegstilling som avvik vesentleg frå desse kriteria, heiter det i vedtaket. Styret presiserer at Forskerforbundet ynskjer å delta i debatten om innstegstillingar etter at forskingsmeldinga er lagt fram.

– Feil av forbundet

Mange yngre forskarar, til dømes representerte ved Lausungeaksjonen, meiner slike stillingar ville vere eit framsteg frå dagens ordning, medan ein god del tillitsvalde i Forskerforbundet har vore skeptiske.

– At Forskerforbundet sjølv skal gå inn for enda ei form for mellombelse stillingar, synest eg ikkje er rett, seier Kjell Erik Skaug, førstelektor og hovudtillitsvald i lokallaget til Forskerforbundet ved Universitetet i Agder. Skaug uttalte seg til Forskerforum før dei endelege formuleringane frå hovudstyret var kjende.

– Eg synest ikkje ei fagforeining skal arbeide for slikt. Eg er generelt skeptisk til mellombelse tilsetjingar, og fryktar at dette berre blir ein ny variant av dette. Om ordninga skal vere ein garanti for fast tilsetjing på enden av løpet, burde ein vel vere så sikker på folk at ein kunne tilsett dei før.

Skaug vedgår at han ikkje har fullt oversyn over haldningane til innstegstillingar ved sin eigen institusjon, men han har registrert at fleire forbundsmedlemmer ved UiA deler skepsisen hans.

– Men mellom anna Lausungeaksjonen har vore positiv til innstegstillingar?

– Eg er klar over det. Men om ein skal endre systemet, bør ein heller gå inn for faste tilsetjingar. Det er ikkje bra at folk skal bli over 40 år før dei får ein fast jobb. Eg er redd ei ordning som dette vil bite seg fast, i staden for å bli eit steg på vegen til eit betre system, seier Skaug.

– Det er mogleg eg kjempar mot strau-men her. Eg veit at dette er positivt motteke av mange, men sjølv er eg altså skeptisk.

«Ikkje fleksibelt nok»

Temaet innstegstillingar vart teke opp i fleire av innspela som Kunnskapsdepartementet fekk i forkant av forskingsmeldinga. Leiinga ved Universitetet i Oslo skreiv at dagens stillingsstruktur ikkje gjev nok fleksibilitet til å ivareta yngre forskarar, og oppmodar departementet til å greie ut om korleis eit *tenure track*-system kan innførast. Ivrigast var likevel Noregs Handelshøgskule (NHH), som brukte heile innspelet sitt til å tale for ei ordning med 7-årige kvalifiseringsløp for å «legge forholdene til rette for bedre karriereplanlegging og økt internasjonal rekruttering».

Forskerforum kjenner til at dette innspelet har vekt ein del reaksjonar blant fagleg tilsette

FOTO: LINDA BOURNANE ENGELBERTH



Regjeringa og forskingsminister Tora Aasland argumenterer mot innføring av innstegstillingar.

FOTO: NHH



– Innstegstillingar er eit tilbod ein skal kunne gje til nokon ein har stor tru på, seier forskingskoordinator Bjarte Grønner ved NHH.

ved NHH, fordi det ikkje vart drøfta med organisasjonane eller tok med nokon alternative synspunkt på ei ordning med innstegstillingar. Kritiske røyster ved skulen meiner at ei slik ordning kan føre til meir, ikkje mindre bruk av mellombels tilsetjing.

– Meir føreseieleg

Forskningskoordinator Bjarte Grønner ved NHH meiner innstegstillingar ikkje ville vere ei ny form for mellombels stilling.

– Dei som får tilbod om innstegstilling, vil få ein meir føreseieleg situasjon enn til dømes ei postdoktorstilling gjev i dag. Ei innstegstilling gjev lovnad om ei fast stilling ved endt løp, om folk oppfyller visse krav, seier Grønner.

– I NHH-innspelet til forskningsmeldinga står det at fire år i postdoktorstilling ikkje gjev nok grunnlag til å evaluere rekruttar tilfredsstillande. Det kan lyde litt rart?

– Det er ikkje lenge nok om ein skal ha høve til å vurdere folk skikkeleg. I løpet av den tida rekk ikkje folk å publisere mykje, i alle fall ikkje internasjonalt. Forsking tek tid, og å få publisert i dei beste tidsskrifta tek nokre år. Men innstegstilling er ikkje noko som skal brukast på alle, eller noko som skal erstatte alle eksisterande verkemiddel. Det er eit tilbod ein skal kunne gje til nokon ein har stor tru på. Eg meiner dette er eit attraktivt tilbod til unge forskarar, meir enn ei utholing av tilsetjingsordningane.

– Men ikkje alle ved din eigen institusjon er like positive?

– Eg veit meiningane er delte, og eg veit at det finst ein god del skepsis til mellombelse stillingar. Men eg trur ikkje folk vil vere direkte negative til innstegstillingar. Vi ser det som ei karrierestilling på vegen til å bli ein topp forskar, og eg har inntrykk av at stemninga til dette stort sett er positiv i fagmiljøa, seier Bjarte Grønner.

AV PER ANDERS TODAL

Forskningsmeldinga kom rett før Forskerforum gjekk i trykken, og intervjuet med Kjell Erik Skaug og Bjarte Grønner var gjorde før innhaldet i meldinga var kjend. Dei kunne difor ikkje kommentere konklusjonen i meldinga.

Innstegstilling

- Også kjend som *tenure track*.
- Vanleg ordning i mellom anna USA.
- Mellombels stilling som let forskarar kvalifisere seg til professor- eller førsteamanuensisstilling.
- Skal fungere som eit løp på opptil sju år, der forskaren skal evaluereast undervegs etter visse kriterium.
- Ordninga har støtte frå mellom anna UHR, UiO og NHH.
- Forskerforbundet gav 23. april varsam støtte til å innføre innstegstillingar.
- Forskningsmeldinga som kom 24. april, opnar ikkje for ei slik ordning.

Snart universitet i Nordland:

– Eit stort gjennombrutt

– Vi har alt starta arbeidet med universitetssøknaden, seier rektor Pål Pedersen ved Høgskolen i Bodø.

I slutten av mars godkjende Nokut det fjerde doktorgradsstudiet ved Høgskolen i Bodø (HiBo). Dermed er høgskulen nærare universitetsstatus enn nokon gong.

– Dette er eit stort gjennombrutt for Universitetet i Nordland. No søker vi Nokut om akkreditering som universitet, og søknaden skal opp i styret ved høgskolen 10. juni. Deretter skal Nokut kvalitetssikre heile institusjonen, både det faglege og det administrative. Om Nokut gjev godkjenning, går saka vidare til Kunnskapsdepartementet, fortel rektor Pål Pedersen ved HiBo.

– Kan departementet stikke kjeppar i hjula?

– Etter dei signala eg har fått, trur eg ikkje det. Vi har tidlegare hatt tre tilsvarende universitetssøknader i Norge, og då gjorde ikkje statsråden noko anna enn å godkjenne dei.

– Kor lang tid kan prosessen ta?

– Eg vonar vi kan vere i mål i løpet av neste studieår, slik at vi kan vere universitet ved semesterstart i 2010, seier Pedersen.

– Har endelig fått det til

Alt i 1997 begynte HiBo å samarbeide med Universitetet i Stavanger og Universitetet i Agder om universitetsplanane.

– HiBo er ein mindre høgskole enn Agder og Stavanger var. Det har teke tid, men endeleg har også vi fått det til, seier rektor.

HiBo har no doktorgradsutdanningar i bedriftsøkonomi, sosiologi, profesjonspraksis og akvakultur.

– Innanfor akvakultur har vi kanskje det fremste forskingsmiljøet i landet, med ei rekkje oppdrag for fiskeri- og havbruksnæringa. Og handelshøgskolemiljøet har jobba internasjonalt sidan 1991, og samarbeider mellom anna tett med utdanningsinstitusjonar i Russland.

– Vil universitetet bli økonomisk avhengig av næringsliv og fylkeskommunar?

– Høgskolen har eit tett samarbeid med arbeidsliv og næringsliv i Nordland. Så finansielt trur eg vi skal klare det. Eg trur også vi kan konkurrere om ein større del av forskingsmidlane frå Forskringsrådet og andre, fordi vi har greidd å bygge opp sterke fagmiljø, seier Pedersen.

– Får fire hybriduniversitet

– Når vi først har den ordninga vi har, er det berre å gratulere Høgskolen i Bodø, seier professor Steinar Stjernø ved Høgskolen i Oslo. Han

FOTO: HIBO



– Eg vonar vi kan vere universitet ved semesterstart i 2010, seier rektor Pål Pedersen ved HiBo.

var leiar for Stjernø-utvalet, som i fjor kom med ei innstilling om strukturen i høgare utdanning. Stjernø var då kritisk til at stadig nye høgskular ønskjer å bli universitet.

– I Stjernø-utvalet var vi lite glade for det systemet vi har i dag, men når regjeringa ikkje har gjort endringar, er det ingen grunn til å moralisere. Dette er eit teikn på at universitetsomgrepet er i endring, seier Stjernø.

– Du har kalla dei nye universiteta for hybriduniversitet. Får vi no endå eit hybriduniversitet i Noreg?

– Ja, vi vil få fire hybriduniversitet. Dei er som «gamle» universitet på nokre område, men på andre område er dei som høgskular. Både innanfor dei korte profesjonsutdanningane og disiplinlaga er det endå mindre forskning enn på «gamle» universitet. På mange felt driv universiteta i Stavanger og Agder ikkje med meir forskning enn til dømes Høgskolen i Oslo.

– Trur du Nordland er i hamn med universitetet sitt no?

– Nokut skal sjå til at nye universitet følgjer kvalitetskrava etter lova. Det er vanskeleg å tenkje seg at ei godkjenning vert omgjort i departementet, slik reglementet er i dag, seier Stjernø.

AV JOHANNE LANDSVERK

– Fullt mulig å presse regjeringen

Regjeringen er ikke i posisjon til å gjennomføre pensjonskutt like i ansiktet på en halv million fagorganiserte – rett før valget, mener pensjonseksperter.

– Folk er sjokkerte over hvor dramatisk det nye pensjonssystemet blir for dem som må gå av tidlig, forteller Stein Stugu i De Facto Kunnskaps-senter for fagorganiserte. I april kom Stugu med ferske beregninger av pensjon for flere yrkes-grupper, basert på forslagene fra det offentlige pensjonsutvalget.

– Modellene som ligger på forhandlingsbor-det, vil innebære en rasing av dagens offentlige tjenestepensjon, sier Stugu.

Beregninger basert på en modifisert brut-toordning, som er det offentlige pensjonsutval-gets gunstigste modell for arbeidstakerne, viser at en professor som går av ved fylte 62 år, umid-delbart får en pensjon som er høyere enn med dagens AFP-ordning. Det nye pensjonsnivået er imidlertid flatt, slik at professoren taper vesent-lige beløp ved 65 og 67 år i forhold til dagens ordning. Avgang ved 65 år innebærer også store årlige tap, mens avgang ved fylte 67 år kan gi en gevinst på 12.000 kroner i året i forhold til dagens ordning.

– For å komme ut på omtrent det samme nivået som i dag, ser det ut som om man må jobbe til man er 67 pluss-minus, avhengig av hvilken modell man velger, sier Stein Stugu. Han viser til at de som i dag er i starten av yrkes-karrieren, må jobbe til de er 68–69 år for å få to tredjedeler av lønnen i pensjon.

– Rent lureri

I april leverte de fire hovedsammenslutningene LO, YS, Unio og Akademikerne felles krav til pensjon for nærmere en halv million arbeidsta-kere i staten og kommunene. Kravene er fleksibel brutto tjenestepensjon på 66 prosent av sluttlønn fra 65 år, full opptjening etter 30 år, videreføring av dagens AFP-nivå ved tidligpensjon, samt sik-ring av rettene ved særaldersgrenser. I skrivende stund tydet mye på at partene går til mekling hos riksmeklingsmannen, med frist i slutten av mai. Deretter kan konflikt være et faktum.

– Jeg tror det er politisk umulig for hovedsam-menslutningene å komme ut med et resultat som medlemmene ikke er fornøyd med. Den politiske situasjonen med valget i september gjør det realistisk å presse regjeringen. Men dette kre-ver aktivitet i alle typer forbund, for å bedømme hvilke resultater som kommer ut, sier Stugu.

– Det er på en måte nå eller aldri, sier Stugu. Han viser til fjorårets AFP-løsning hvor regjerin-gen kjøpte seg ut ved å gi tilleggsbevilgninger til de første åtte-ni årskullene som går av. LO og YS satte som forutsetning at de valgte løsningene skulle evalueres i 2017, slik at det kan åpnes for omkamp. Ved årets offentlige tjenestepensjon vil

FOTO: HILBØRG BJØRKÅS



Forskere som ønsker dagens tidligpensjonsnivå, må regne med å jobbe til de er minst 67, har Stein Stugu i De Facto regnet ut.

partene legge på plass en måte å beregne pen-sjon på i overskuelig framtid, da man snakker om opptjente rettigheter over lang tid.

– Dette er i beste fall en uhyre vanskelig løs-ning, og i verste fall vil det fortone seg som rent lureri i forhold til endringer i prinsipper for offentlig tjenestepensjon, sier Stugu.

Har solgt noe

Hovedtillitsvalgt Kristian Mollestad i Forsker-forbundet ved UiO mener fagforbundene burde kreve *bedre* pensjonsvilkår enn dagens – i stedet for å kjempe for å beholde opparbeidete rettig-heter.

– Det er ikke mye nytt i å kreve en tilpas-ning til de ordningene man har i dag, mener Mollestad. Han mener det er opplagt at hoved-sammenslutningene allerede har solgt noe i forhandlingene – nemlig kravet om bedre pen-sjon. Mollestad mener derfor det blir umulig for arbeidstakerorganisasjonene å oppgi brut-tolønsprinsippet mot tilleggsbevilgninger til de første avgangskullene, slik det skjedde i AFP-forliket i privat sektor i fjor.

– Vår gruppe begynner med relativt lav lønn, vi kommer sent inn i arbeidslivet og har en lønnsstigning i løpet av hele yrkeskarrieren. Dette gjør bruttoordningen med to tredjedeler av sluttlønn etter 30 års opptjening til det viktig-

ste i pensjonssystemet, sier Mollestad. Han er ikke bekymret for at hovedsammenslutningene skal splittes under forhandlingene.

– Det kan absolutt ende med brudd i meklin-gen, og dette er en sak som det er vel verdt å ha konflikt på, sier Mollestad.

Mister incitament

Stein Stugu i De Facto tror regjeringens uttalte forutsetning om at Norge er nødt til å kutte pen-sjonskostnadene på grunn av høyere levealder og større antall pensjonstakere, er grunnleg-gende feil.

– Hvis man i framtiden får en ny krisesituasjon som ligner dagens, vil høye pensjonsforpliktelser være med på å opprettholde høy sysselsetting og aktivitet og fungere som motkonjunkturpolitikk, sier Stugu. Han mener at partene i pensjonsfor-handlingene dessuten står i fare for å overse at dagens finansieringsordning for AFP er et inci-tament til arbeidsgiver for å holde folk i arbeid. Dette skjer i kommunene, som i dag betaler en del av tidligpensjonen over drift.

– Et system som gir høyere pensjon jo len-gre man jobber etter modell fra privat AFP og ny alderstrygd, vil fjerne arbeidsgivers økonomiske incitament til å holde folk i arbeid sier Stugu.

Sikkerhetsnett truet

Dagens AFP finansierer tidligpensjon for de som ut fra egnvurdering trenger det. I morgen-dagens system, slik folketrygden og privat AFP

FOTO: ANDREAS HØY KNUDSEN



Fagforbundene burde ha krevd bedre pensjon enn dagens, mener Kristian Mollestad i Forskerforbundet ved UiO.

er utformet, vil man primært finansiere ekstrapensjon til de som er så friske at de kan jobbe etter at de fyller noen og seksti år.

– Man får et helt nytt mønster der vinnerne ønsker å jobbe lengre av egen interesse for arbeidsoppgavene. Men det er ikke nødvendig å motivere en lege på Ullevål som ønsker å bli båret ut fra arbeidsplassen, til å jobbe lengre ved å tilby over 100 prosent av sluttlønnen i pensjon. De som jobber på golvet, blir nedslitt på en helt annen måte og har ikke sjanse til å jobbe etter 62–63 år. Pensjonen bør være en inntektssikring for disse, mens virkeligheten i årets oppgjør er at man vil fjerne sikkerhetsnettet, påpeker Stugu. Han viser til at også Forskerforbundet rekrutterer personer som jobber med mye omstillinger og press, og som blir fysisk og psykisk slitne ved noen-og-seksti år.

– Disse vil få en pensjon som er vesentlig dårligere enn de får i dag, og de må betale hele resten av sitt liv, sier Stugu.

AV ANDREAS HØY KNUDSEN

N.B. Forhandlingsfristen i stat og kommune gikk ut 30. april – etter at Forskerforum gikk i trykken. Vi må derfor ta forbehold om status ved utløp av fristen. Løpende oppdatering om tariffoppgjøret er å finne på Forskerforum.no.

Eksempler på nytt bruttopensjonssystem

Professor med 630.000 i lønn:

- Avgang ved 62 år: 331.000 kroner i årspensjon ut livet.
- I dag: 268.000 i AFP ved 62 år, 416.000 ved 65 år og 433.000 ved 67 år.
- Taper 102.000 kroner årlig fra 67 år.
- Avgang ved 65 år: 393.000 i årspensjon (taper 40.000 fra 67 år).
- Avgang ved 67 år: 445.000 i årspensjon – 12.000 kroner høyere enn dagens ordning.

Saksbehandler med 490.000 i lønn:

- Avgang ved 62 år: 257.000 kroner i årspensjon ut livet.
- I dag: 248.000 i AFP ved 62 år, 323.000 ved 65 år og 341.000 ved 67 år.
- Taper 84.000 kroner årlig fra 67 år.
- Avgang ved 65 år: 309.000 i årspensjon (taper 32.000 fra 67 år).
- Avgang ved 67 år: 352.000 i årspensjon – 11.000 kroner høyere enn dagens ordning.

Konservator med 460.000 i lønn:

- Avgang ved 62 år: 241.000 kroner i årspensjon ut livet.
- I dag: 244.000 i AFP ved 62 år, 304.000 ved 65 år og 321.000 ved 67 år.
- Taper 80.000 kroner årlig fra 67 år.
- Avgang ved 65 år: 290.000 i årspensjon (taper 31.000 fra 67 år).
- Avgang ved 67 år: 330.000 i årspensjon – 9.000 kroner høyere enn dagens ordning.

Lov og rett på Svalbard:

Farvel til åremåla

Da forskarane ved Universitetssenteret på Svalbard endeleg skulle få fast tilsetjing, fekk dei ei overrasking: Dei var fast tilsette allereie – juridisk sett.

Heilt sidan Universitetssenteret på Svalbard (Unis) vart oppretta i 1993, har alle vitskapleg tilsette arbeidd på åremål. Men utan å vite det har forskingssenteret med dette systematisk brote lova, fortel Hildur N. Nilssen, juridisk rådgjevar i sekretariatet til Forskerforbundet.

FOTO: KJETIL A. BROTTVEIT

Mellombels tilsetjing ulovleg

Saman med seksjonsleiar Eirik Rikardsen i tariffavdelinga besøkte ho lokallaget ved Unis i mars. Dei skulle gje råd til medlemmene i samband med at senteret går over frå treårige åremål til faste tilsetjingar. Oppfatninga var at ein del naturalytingar for dei tilsette, som bustonad og betalte heimreiser, var knytte til åremålssystemet. Difor skulle det forhandlast om desse vilkåra når stillingane skulle bli faste. Men ifølgje Nilssen var alle dei vitskapleg tilsette ved Unis juridisk sett å rekne som fast tilsette allereie.

– Eg fann ut at dei Unis-tilsette høyrer inn under arbeidsmiljølova, ikkje under tenestemannslova. Og etter arbeidsmiljølova er det ikkje høve til å tilsetje andre enn øvste leiar i åremålsstilling. Dermed var dei mellombelse tilsetjingane ulovlege.

Dette har å gjere med statusen til Unis. Universitetslova gjeld ikkje for dette senteret, som er eit eige AS eigd av Kunnskapsdepartementet. Dermed er det arbeidsmiljølova som gjeld for Unis, fastslår Nilssen.

– Sidan arbeidsmiljølova set rammene, er dei tilsette ved Unis å rekne som fast tilsette, seier.

Nilssen som ikkje trur lovbrøtet ved Unis har med vrang vilje å gjere.

– Dette kjem nok av at leiinga ikkje har vore kjend med regelverket.

Forenkla prosessen

– Dette er ei gladhistorie. Vi visste jo at vi skulle bli fast tilsette uansett, men no slepp vi å gå i kontraktsforhandlingar om naturalytingane vi har, seier Jørgen Berge, leiar for lokallaget av Forskerforbundet ved Unis.

Berge trur ikkje nokon ved Unis var klare over at åremålsstillingane var for lovbrøt å rekne.

– Om leiinga hadde visst dette, ville vi nok ikkje vore i denne situasjonen. Det har nok å gjere med at det gjekk veldig fort for seg da Unis vart oppretta.

Uvisse no står om når dei faste tilsetjingane byrjar – eller byrja.

– Forskerforbundet meiner vi har vore faste frå dag ein, leiinga meiner vi må teikne nye kontraktar 1. mai, seier Berge. Han fortel at prosessen har ført til ein stor medlemsvekst for Forskerforbundet ved Unis, der det tidlegare ikkje



– No må arbeidsgjeveren ha oppseiingsgrunn for tvinge folk ut av arbeidsforhold, seier Hildur N. Nilssen i Forskerforbundet.

har vore så mange fagorganiserte.

Unis har kring 65 tilsette, av desse er kring 40 i vitskaplege stillingar.

Fastare rammer

Unis-direktør Gunnar Sand er ikkje overtydd om at tilsetjingsforholda ved institusjonen har vore i strid med lova.

– Eg tek det ikkje for gjeve at den framstillinga er korrekt. Men eg ser heller ikkje noko poeng i å hevde at det ikkje stemmer. Vedtaket om å gå over til faste stillingar var uansett gjort lenge før innspelet frå Forskerforbundet kom, seier Sand.

Han forklarar tradisjonen for mellombelse stillingar ved Unis med at dette gjorde det lettare å rekruttere folk dei første åra.

– Med åremålsstillingar var det lettare for folk å få permisjon frå jobbane sine andre stader, og terskelen for å prøve seg her vart lågare. Det er jo slett ikkje alle som finn seg til rette på Svalbard. Men da vi laga ein ny strategisk plan i 2006, kom det fram at staben ønskte å gå over til faste stillingar. Gjennom ein intern prosess i 2007 vart det konsensus om dette, seier Sand.

AV PER ANDERS TØDAL

Sirus senket skyhøye krav

Reglene for kompetanseoppyrkk i instituttsektoren er helt opp til ledelsen å fastsette. Ved instituttet Sirus fikk de ansatte endret reglementet med hjelp fra Forskerforbundet.

– Vi ble svært overrasket da vi oppdaget at lista lå så mye høyere ved Sirus enn andre steder, sier forsker og tillitsvalgt i Forskerforbundet Hilde Pape ved Sirus (Statens institutt for rusmid-delforskning.) For ett år siden nedsatte Forskerforbundet og NTL ved Sirus en arbeidsgruppe som utredet de lokale kompetansekravene til opprykk. Kriteriene ble sammenlignet med dem som gjaldt ved andre forskningsinstitusjoner, både i instituttsektoren og ved universitetene.

– Konklusjonen var at Sirus' krav lå til dels skyhøyt over dem som gjaldt ved andre institut-ter, forteller Pape.

– Strengt og snevert

Norge har verken enhetlige regler for opprykk eller retningslinjer for kompetansevurdering av vitenskapelig ansatte i instituttsektoren. Samti-dig florerer stillingsbetegnelsene og bruken av stillingskoder i sektoren, som representerer en fjerdedel av all norsk FoU-virksomhet.

Sirus' opprykksreglement var for strengt og for snevert, påpekte Hilde Pape og kollegene i sin rapport til ledelsen.

Ifølge fagforeningen ved instituttet kan ansatte og tillitsvalgte komme med innspill til reglementet, men ledelsen står fritt til å konkre-tisere opprykkskriteriene innenfor de generelle rammene fra departementet.

Holder folk nede

Som følge av initiativet fra de ansatte ved Sirus har opprykkskriteriene nå blitt revidert. Mens søkeren tidligere måtte stå bak minst 15 viten-skapelige artikler av solid kvalitet, er antallet innsendte arbeider nå satt til «inntil 12». Et krav til veiledning av studenter er listet opp som ett av fire tilleggskriterier, der betydelig innsats innen for eksempel undervisning eller foredragsvirksomhet kan kompensere for man-glende veiledning.

– Vi er tilfredse med at ledelsen har gjort noen endringer, men det er fremdeles store variasjoner mellom institutter, universiteter og

FOTO: SIRUS



Forsker Hilde Pape ved Sirus har avdekket store variasjoner i kriteriene for kompetanseoppyrkk i institutt- og UH-sektoren.

høyskoler, sier Pape. Hun viser til at lønnsplas-sering er en drøftingssak mellom ansatte, fag-forening og arbeidsgiver, mens betingelsene for opprykk, som er like viktig lønnspolitisk, fast-settes av ledelsen.

– Fordelingen av det vitenskapelige persona-let på stillingskoder kan være en effektiv måte for et institutt å holde folk lønnsmessig nede på, sier hun.

FOTO: TELEMARSKFORSKNING



Evnen til å selge inn prosjekter bør bestemme hvor mye den enkelte kan avlønnes, mener direktør Karl Gunnar Sanda ved Telemarksforskning.

Strider mot intensjonen

Statens regler for opprykk til forsker 1183 etter kompetanse henviser til etablerte «interna-sjonale og/eller nasjonale standarder for pro-fessorkompetanse» – og åpner i tillegg for at institusjoner på bakgrunn av sin egenart kan bruke utfyllende regler ved behandling av søk-naden. Selv om de faglige standardene skal være de samme i privat og offentlig FoU-sektor, er det ingen automatikk i at personlig kompetan-seoppyrkk i UH-sektoren gir rett til 1183-stilling som forsker i instituttsektoren. Dette avgjøres av ledelsen.

Etterlyser enhetlig standard

Ifølge seksjonsleder Eirik Rikardsen i Forskerforbundets tariffseksjon er intensjonen med å la instituttene lage egne retningslinjer, at egenart og virkelighet ved hvert enkelt institutt ikke skal

Utbredte stillingskoder i Forsknings-Norge:

Kompetanse	UH-sektor	Instituttsektor
Ikke doktorgrad	1008 Høgskolelærer	1108 Forsker (ofte Forsker 3)
Doktorgrad	1011 1. amanuensis	1109 Forsker (ofte Forsker 2)
Professorkompetanse	1013 Professor	1183 Forsker (ofte Forsker 1/ seniorforsker)

forpurre opprykksmulighetene til de vitenskapelig ansatte.

– I Sirus' tilfelle la arbeidsgiveren inn kriterier som gjorde det vanskeligere å få opprykk, i strid med denne intensjonen, sier Rikardsen. Han mener det er lite arbeidstakerorganisasjonene kan gjøre for å hjelpe ansatte som møter hindringer av denne typen ved opprykksøknad.

– Det finnes dessverre ingen sentral ankeinstans til dette, og vi må forsøke å få til sterkere føringer i de sentrale retningslinjene, sier Rikardsen.

– Samordning er tilbakelagt

Telemarksforskning Bø har koblet forskerstigene for forsker, forsker II og seniorforsker i sitt lønssystem til statens koder, samtidig som instituttet delvis har frikoblet lønn fra forskerstilling. På de aktuelle lønnsstigenes kan ansatte som forsker eller forsker II (1108 og 1109) oppnå lønn på nivå med seniorforsker (1183), som krever professorkompetanse. Direktør Karl Gunnar Sanda, som har jobbet i sektoren siden 1980-tallet, mener at evnen til å selge inn prosjekter bør bestemme hvor mye den enkelte kan avlønnes. Samordna regler for lønnsstiger og opprykk i instituttsektoren er ifølge Sanda et tilbakelagt stadium.

– Det var slikt man prøvde for ti-femten år siden, det vil være nesten umulig å få til i dag, sier han til Forskerforum.

AV ANDREAS HØY KNUDSEN

Forskningsinstitutter

- Norske forskningsinstitutter står for 25 prosent av den totale forskningsinnsatsen. Sektoren består av et femtital institutter fordelt på primærnæringsinstitutter, teknisk-industrielle institutter, miljø- og utviklingsinstitutter, samfunnsvitenskapelige institutter og regionale forskningsinstitutter.

Kompetanseopprykk

- Ansatte med førstestillingskompetanse i UH-sektoren kan søke om opprykk til professor etter personlig kompetanse. Nasjonale bedømmelseskomiteer behandler søknadene. Instituttsektoren velger selv bedømmelseskomité og -kriterier.
- Personlig opprykk kan også skje gjennom tilsetning i stilling med høyere kompetansekrav, noe som er den vanligste formen for opprykk.

Forskingsvilkår etter museumsreforma:

– Må nedprioritere forskning

– Eg må prioritere bygningane, så dei ikkje dett ned, seier Jarle Stavik ved Sunndal bygdemuseum.

– Det er ikkje ofte eg får tid til å tenkje på at eg burde forske. Det er så utruleg mykje anna ein skulle ha gjort, som registrering, omvisingar og utstillingar, seier museumsstyrar Jarle Stavik. Han er den einaste tilsette ved Sunndal bygdemuseum, som i dag er ein del av Nordmøre Museum.

Museumsreforma skulle føre til fagleg styrking, og ikkje minst skulle små museum nytte godt av større fagmiljø. Men mange tilsette ved små museum jobbar aleine. Stavik har hovudfag i arkeologi, og sjølv om han har forskingskompetanse, ser han det som temmeleg umogleg å prioritere forskning ved bygdemuseet.

– Eg er stort sett aleine her. Eg må prioritere bygningane, så dei ikkje dett ned, og eg må ta meg av alle som skal ha omvising i museet, seier han.

– Men det ligg i korta at vi skal lage ein forskingsplan. Nordmøre Museum har berre ikkje kome så langt enno, men i den årlege statistikken til departementet, blir det etterlyst forskingsplanar, fortel Stavik.

– Ikkje høve til å forske

Også Kirsten Tangen, stadansvarleg ved Brevik Bymuseum i Telemark, jobbar aleine, og ho har berre halv stilling.

– Eg har hovudfag, så i prinsippet har eg vel forskingskompetanse. Men i praksis har eg lite høve til å drive med forskning. Det er jo berre meg her, seier Tangen.

Brevik Bymuseum er i dag ein del av Telemark Museum.

– Etter det eg veit, er Telemark Museum i gang med å lage ein forskingsplan. Men skulle det bli realistisk for meg å forske, måtte eg nok ha blitt frikjøpt på eitt eller anna vis, meiner Tangen.

– Forsking er ei utfordring

Telemark Museum er eit konsolidert museum med ni mindre einingar som har eigen stadansvarleg. Men ikkje alle desse har forskingskompetanse.

– Enkelte av dei har likevel forskingskompetanse, men har aldri drive med forskning. Dei har jobba med formidling og gjort tusen andre ting, fordi dei har vore dei einaste tilsette, seier Lene Walle, direktør ved Telemark Museum.

– I samband med gjennomføringa av museumsreforma har departementet kome med krav om å heve det faglege nivået. Men avstanden mellom det departementet ønskjer og røyndomen i musea er stor. Det er ei stor utfordring for oss å leggje til rette for meir forskning.

– Må de kjøpe fri dei tilsette for å forske?

– Ja, kanskje. Men med kva for midlar? Vi skal lage ein forskingsplan, men dette er utfor-

FOTO: BJØRN HELGEDAGSRUD



– Avstanden mellom det departementet ønskjer og røyndomen er stor, meiner Lene Walle ved Telemark Museum.

drande for oss, seier Walle.

– Vil sjå resultat etter kvart

– Ved å etterlyse slike planar i den årlege statistikken, kan departementet sjekke ut kor mange som har styrebehandla planar for forskning ved musea, seier seniorrådgjevar Liv Ramskjær i avdeling for museumsutvikling, ABM-utvikling.

Forskerforum har tidlegare vist til undersøkingar som tyder på at museumsreforma ikkje har ført til meir forskning ved musea. Men Ramskjær trur dette biletet vil endre seg.

– Vi vil nok sjå resultat av museumsreforma etter kvart. Fleire opplever at det har blitt meir rom for fagleg arbeid og har ambisjonar om meir forskning. Vi ser også at talet på publikasjonar i museumssektoren har hatt ein liten auke dei siste åra, seier Ramskjær.

AV JOHANNE LANDSVERK

Museumsreforma

- Tek utgangspunkt i Arkiv-, bibliotek- og museumsmeldinga (ABM) frå 1999 –2000.
- Skal slå saman fleire museum til sterkare einingar, dvs. konsoliderte museum, i løpet av 2009.

Nyvalde rektorar

■ Fleire universitet og høgskular har hatt rektorval sidan sist. Sigmund Grønmo (bildet) vart attvald som rektor ved UiB i konkurranse med Rolf Reed. Grønmo har med seg Berit Rokne, Kuvvet Atakan og Astri Andresen på rektorlaget. Ved UiO vann Ole Petter Ottersen rektorvalet. Inga Bostad, Ragnhild Hennum og Doris Jorde vert med i rektoratet. Motkandidaten var Trygve Wyller. Ved Noregs musikkhøgskule (NMH) vart rektor Eirik Birkeland og prorektor Ingrid Maria Hanken attvalde. Ny periode vart det òg for rektor Jan I. Haaland og prorektor Gunnar E. Christensen ved Noregs Handelshøgskule (NHH). Mette H. Bjørndal er ny viserektor. Ved NMH og NHH stilte ingen motkandidatar.



Langt fleire søker høgare utdanning

■ Søkinga til høgare utdanning i år har auka med 12,6 prosent frå i fjor, viser tal frå Samordna opptak (SO). 104.200 søkjarar til høgare grunnutdanning er registrert. Høgare arbeidsløyse, usikker jobbmarknad og større alderskull blant dei som utgjer dei viktigaste søkjargruppene, kan vere med på å forklare denne auken, skriv SO i ei pressemelding. Søkjartala har utløyst krav frå ulike hald om løyvingar til nye, fullfinansierte studieplassar. Universitets- og høgskulerådet, Forskerforbundet, studentorganisasjonane og Venstre har alle kome med sine variantar. – De ansatte kan ikke pålegges ytterligere arbeidsbelastning, og vi må også sikre sammenhengende tid til forskning, seier leiar Bjarne Hodne i Forskerforbundet.



Premierer ansettelse av kvinner

■ EFTAs kontrollorgan (ESA) vil ikke tillate at Norge øremerker midlertidige stillinger for kvinner. Kunnskapsdepartementet (KD) planlegger derfor andre virkemidler for å øremerke finansiering av vitenskapelige stillinger for kvinner, og vil starte en incentivordning for å øke kvinneandelen i høyere vitenskapelige stillinger i MNT-fagene, opplyser statssekretær i KD, Åsa Elvik. Ordningen skal premiere universiteter og høgskoler ved at hver tilsetning av en kvinne i et MNT-fag (matematikk, naturfag og teknologifag) skal utløse en viss sum midler til institusjonen, ifølge Kvinner i forskning.

Bibliotek og digital kulturarv

■ Regjeringa la i april fram ei stortingsmelding om bibliotek. I meldinga vert det varsla at ein skal vurdere om det kan vere tenleg med ei nærare samordning eller samanslåing av bibliotekoppgåver i Nasjonalbiblioteket og ABM-utvikling. Det vert også tilrådd eit nasjonalt leseår i 2010. – Meldinga inneheld tiltak som kan styrkje samspel og samarbeid, fremje biblioteka som møtestader og arenaer for kultur, lesing og læring, seier kulturminister Trond Giske. Regjeringa kom samtidig med ei stortingsmelding om nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv. – Føremålet med digitalmeldinga er å sikre samlingane i arkiv, bibliotek og museum for komande generasjonar, seier Giske.



– Kvalitet er ikke objektivt

■ – Lederne i forskningssektoren må bli oppmerksomme på at likestilling også er knyttet til spørsmålet om kvalitet og at det eksisterer et eget kunnskapsfelt som studerer denne sammenhengen, sier seniorrådgiver Linda Rustad i Komité for integreringstiltak – Kvinner i forskning (Kif-komiteen) til Forskerforum. – Kvalitet er ikke en gitt størrelse. Forskning viser at i siste instans er det skjønnsom avgjør fagfellevurderinger, også i realfag. European Molecular Biology Organization skolerer nå komitémedlemmer til å bli oppmerksomme på egne fordommer og til å reflektere over hvordan de evaluerer søknader. De som sitter i norske komiteer er ikke skolert for dette. Vi utfordrer derfor Forskningsrådet til å sikre at kompetansen blir tatt i bruk også her i Norge, sier Rustad.

150 år med mat, miljø og dyr

■ Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) har 150-årsjubileum i år og feirer med en egen biokonferanse 26.–28. mai, kalt Mat 2009. Ifølge UMB ønsker universitetet at jubileumskonferansen skal diskutere mat i videste forstand. På plakaten står både samfunnsvitenskapelige og naturvitenskapelige innfallsvinkler til temaer som ernæring og bærekraftig utvikling, og det er lagt vekt på både nasjonale og globale perspektiver. I tillegg skal Undervisningsprisen 2009 deles ut. Rektor Knut Hove åpner feiringen, og blant deltakerne er de tidligere statsrådene Hilde Frafjord Johnson og Lars Sponheim.





Obama og norske forskningsmuligheter

■ President Obama (bildet) har satt av hele 21,5 milliarder dollar til forskning i den økonomiske stimuleringspakken. Dette åpner for nye muligheter for norsk-amerikansk forskningssamarbeid, mener Forskningsrådet (NFR). USA satser særlig på forskning innen energi og helse. Nærmere halvparten av forskningsmidlene i stimuleringspakken går til helseforskning i regi av National Institute of Health (NIH). NFR har tatt initiativ for å få til en intensjonsavtale med NIH om samarbeid innen medisin og helse. – Vi ønsker økt samarbeid, og med USAs satsing på helseforskning har vi nå bedre muligheter enn noen gang til å søke om midler i forbindelse med utveksling, sier internasjonal direktør Kari Kveseth i NFR.

Kvinnetiltak hjalp

■ Utlysningstekster som oppfordret kvinner til å søke var blant tiltakene som fikk opp kvinneandelen blant Yngre fremragende forskere melder Forskningsrådet. Ordningen Yngre fremragende forskere (YFF) startet opp i 2003. Ved første tildeling var kun 4 av 26 innvilgede søknader fra kvinner. Da YFF skulle utlyses for andre gang tre år senere, tok Forskningsrådet grep for å øke kvinneandelen og for å utvide den faglige bredden. Utlysningen oppfordret kvinner til å søke, og selve ordlyden ble gjort mer inviterende. Ved tildelingen i 2006 steg kvinneandelen blant de innvilgede søknadene til 40 prosent.

Utvalg anbefaler høgskolefusjon

■ Et utvalg anbefaler at Høgskolen i Oslo (HiO) og Høgskolen i Akershus (HiAk) slår seg sammen. Utvalget, som er ledet av seniorrådgiver Tor-Inge Dovland ved HiAk, overleverte utredningen til rektorene ved de to høgskolene i april. Mange forhold taler for en sammenslåing nå, mener utvalget, og har særlig festet seg ved befolkningsveksten og de økte utfordringene med hensyn til å sikre et godt velferdstilbud i hovedstadsregionen. En sammenslåing vil også gi et bedre grunnlag for å oppnå universitetsstatus, mener utvalget – alt ifølge HiOs hjemmesider.

Krever samarbeid for miljømillioner

■ Regjeringen øremerker seks millioner til oppbygging av kompetanse på klima og fornybar energi i nord. Midlene kommer fra regjeringens tiltakspakke, som Stortinget vedtok med en økt bevilgning til klimaforskning. Universitetet i Tromsø og Høgskolen i Bodø blir bedt om å utvikle prosjekter i samarbeid med andre høyskoler. De som blir involvert, må samarbeide for å kunne hente ut midler. – Kravet om samarbeid gjør at flere høyskoler og forskningsinstitutter, for eksempel fra miljøet i Narvik, vil bli viktige aktører, sier forsknings- og høyere utdanningsminister Tora Aasland (bildet).


Mellombels tilsett i 14 år

■ Ruth-Anne Sandaa har vore mellombels tilsett ved Universitetet i Bergen (UiB) i 14 (!) år, skriv På Høyden. Ho er mellombels tilsett i forskingsgruppa Marin mikrobiologi ved Institutt for biologi. Ifølgje nettavisa gjer Sandaa alt det fast tilsette gjer, men ho har jobb i berre to år til. – Eg har vore heldig og gått frå prosjekt til prosjekt. Eg har alltid hatt noko å gjere på, dermed har det blitt så mange år. Men ein blir lei av situasjonen, seier ho til På Høyden. – Oi, det synest eg ikkje høyrer bra ut. Eg kjenner ikkje til dette tilfellet og kan ikkje kommentere det konkret, men tilsetjingsforholdet burde ha vore ordna etter så lang tid, seier UiB-rektor Sigmund Grønmo ifølgje same kjelde.

Enklere tilgang til forskningsartikler

■ Kopinor og Universitets- og høgskolerådet (UHR) har inngått en avtale som skal gjøre det enklere for forskere å få tilgang til artikler via UH-bibliotekene, melder UHR. Etter åndsverkloven og forskriften kan en bibliotekbruger, innenfor visse rammer, få utlevert en papirkopi av artikler eller korte utdrag av bøker og lignende. Med avtalen som nå er fremforhandlet, kan brukeren også få tilsendt en digital kopi av materialet, for eksempel per e-post. Institusjonene vil få tilsendt et avtaletilbud, opplyser UHR.





Frå venstre: Rune Time, Jann Rune Ursin og Thor Martin Svartås.

A photograph of two men in a laboratory or office setting. The man in the foreground is older, with white hair and a beard, wearing glasses and a blue sweater. The man in the background is younger, with short grey hair, wearing glasses and a green sweater. They are both looking towards the camera. The background is slightly blurred, showing shelves with various items.

Senter som tende fyr

Professorar ved Universitetet i Stavanger kjenner seg forbigått. Styret har vedteke å opprette eit senter for berekraftig energi, utan å gå vegen om demokratiske rådsorgan.

- Direktøren gjev inntrykk av at det er plagsamt å involvere fagpersonalet i UiS-strategiane, seier professor Rune Time.

TEKST: JOHANNE LANDSVERK FOTO: LISE BJELLAND



Eit nytt forskningssenter har skapt mykje hovudbry for toppleinga ved «innovasjonsuniversitetet». Rektor Aslaug Mikkelsen (t.v.) og direktør Per Ramvi.

Det kokar blant dei tilsette ved Universitetet i Stavanger (UiS). «Professoropprør ved UiS», skreiv Stavanger Aftenblad, og sidan har det balla på seg. Det handlar om opprettinga av Senter for bærekraftig energi (CenSe).

– Senteret vart etablert som eit godt registrert kupp, iscenesett av rektor, direktør og forskingsdirektør. Det oppstod heilt plutselig, utan at saka hadde vore oppe til debatt internt på Det teknisk-naturvitskaplege fakultet (TekNat). Det mest oppsiktsvekkande er likevel at dekanen ved TekNat vart halden utanfor prosessen. Direktør og rektor skal ha sagt at han stilte for mange spørsmål, seier Jann Rune Ursin, professor ved Institutt for petroleumsteknologi. Han er også tillitsvald i Forskerforbundet ved instituttet, og er dessutan 1. varamedlem til UiS-styret.

– Når ein skal etablere eit senter, må leiinga sørgje for at det er forankra i fagmiljøet ved universitetet, men instituttet vårt vart ikkje eingong kontakta. Leiinga tok i staden kontakt med enkeltpersonar, som vart med i ein tenketank, fortel Ursin, som kjenner seg forbigått.

– Ved instituttet er vi ikkje imot at UiS opprettar eit senter for berekraftig energi. Men når det fremste energiinstituttet ikkje eingong er rådspurt, vert vi opprørde, seier han.

– Plagsamt å involvere personalet
Også professor Rune Time og førsteamanuensis Thor Martin Svartås ved Institutt for petroleumsteknologi har reagert sterkt på styrevedtaket om senteretableringa.

– I ti år har vi tre arbeidd for å få gass, energi og reduksjon av utslepp på dagsordenen. Men vi har møtt stengde dører. I 2004, etter etablering av Risavika Gassenter (RGS), skreiv vi eit ope brev til leiinga, der vi sa at om vi ikkje snart kjem i gang på UiS og Iris, ligg RGS ope for Sintef og NTNU, som alt har utvikla mykje kompetanse. Direktøren og dåverande rektor skulle vore på banen alt då, meiner Time, som ikkje legg skjul på at kommunikasjonen med leiinga kunne vore betre.

– Direktøren gjev inntrykk av det er plagsamt å involvere fagpersonalet i UiS-strategiane, fordi dette kan bety motstand og diskusjon, hevdar han.

Forskerforbundet ved UiS har engasjert seg sterkt i saka.

– Det alvorlegaste er at dekanen ved TekNat-fakultetet vart sett på sidelinja i saka, og at rådsorgana ikkje vart tekne i bruk, seier Åge Hultgren, hovudtillitsvald i Forskerforbundet ved UiS.

– Forskingsdirektøren og direktøren opererer i stor grad på eiga hand, utan forankring nedover i organisasjonen. Men ein direktør skal først og fremst vere sakkunnig på saksgangen. Det er dekanen som skal vere sakkunnig

Det alvorlegaste er at dekanen ved TekNat-fakultetet vart sett på sidelinja i saka.

ÅGE HULTGREN, hovudtillitsvald i Forskerforbundet, UiS

Eg meiner dette har vore ein open prosess.

ASLAUG MIKKELSEN, rektor UiS

på det faglege området, seier Hultgren, som også er kritisk til at senteret ikkje legg opp til ei kopling mellom undervisning og forskning.

– Fagre ord, men lite innhald

Professorane Ursin og Time er sterkt kritiske til at senteret blir lagt direkte under direktøren, utan tilknytning til noko fagmiljø.

– I eit universitetsmiljø er ikkje forskning berre politikk, der går undervisning og forskning hand i hand. Men det verkar som om direktøren vil drive forskning etter behova til næringslivet. Ei sterkare kommersialisering av verksemda har nok vore den viktigaste målsettinga med senteret, trur Ursin.

Dei to meiner senteretableringa først og fremst er ein politisk konstruksjon.

– UiS har inngått ein samarbeidsavtale med Iris, Universitetet i Agder (UiA) og Teknova. Iris lever av å få inn prosjekt, og er interessert i å kome i posisjon for eventuelle forskingsmidlar i framtida. Men det meste av forskinga som senteret skal halde på med, har ikkje vore represen-

tert ved UiS til dags dato.

UiS og Iris var også med i konkurransen om midlar frå Forskingsrådet til Forskingssenter for miljøvennlig energi (FME), men rauk ut i første runde. Noko anna var heller ikkje å vente, meiner dei to.

– Reint fagleg hadde det vore best for oss å samarbeide med NTNU og Sintef, som er leiande innanfor energi og miljø, seier Ursin. Han meiner også at FME-søknadene var prega av mange fagre ord, men lite innhald.

– Inntrykket mitt er at det i søknaden frå Iris og UiS stod meir om kva vi ønskjer framover enn om kva vi har av kompetanse, seier Ursin. Det einaste programmet som ikkje fekk avslag, var eit program knytt til vindmøller til havs, som er leia av Christian Michelsens Research (CMR) i Bergen.

– Ein open prosess

Rektor Aslaug Mikkelsen ved UiS meiner det har vore opne prosessar rundt etableringa av senteret.

– Vi la fram saka for styret i juni i fjor, der vi bad om støtte til å gå vidare med planane om eit senter for berekraftig energi. Vi hadde då diskutert saka i samband med prosessen for overordna strategi, mellom anna på TekNat. Då vi tok opp att saka, gjekk det ut invitasjon til alle om å delta i utviklinga av senteret. Men eg ser at den opne invitasjonen ikkje har vore tilstrekkeleg for alle, seier Mikkelsen.

– Men fagmiljøet ved TekNat vart ikkje teke med på råd?

– Idé og initiativ til senteret kom frå fleire kantar, også frå tilsette i TekNat-miljøet. Nokre av dei tilsette ved TekNat har følt seg dårlig informert, men etter styrevedtak meiner eg alle leiarar har eit særskilt ansvar for å informere dei tilsette som er interesserte. Eg meiner dette har vore ein open prosess. Men administrasjonen burde lagt fram saka i sentralt forskingsutval før ho kom opp i styret.

Senter for berekraftig energi

- Centre for Sustainable Energy (CenSe).
- Eit samarbeidsprosjekt mellom UiS, UiA, International Research Institute of Stavanger (Iris) og forskingsinstituttet Teknova.



– Når det fremste energiinstituttet ikkje eingong er rådspurt, blir vi opprørte, seier Jann Rune Ursin (t.v.) og Rune Time ved Institutt for petroleumsteknologi.



Gassreduksjon blir eitt av områda for det nye senteret for bærekraftig energi.

– Mange meiner senteret ikkje har nok rot i fagmiljøet ved UiS?

– Det vil eg på det sterkaste tilbakevise. Sjølv om vi er nykommarar på dette feltet, er vi fagleg godt skodde til å setje i gang. Vi har også sterke samarbeidspartnarar med kompetanse på feltet.

– Kritikarar lurar på korleis du, som gjekk til val på å styrke det faglege ved UiS, kunne gå inn for senteret?

– Senteret er utvikling av den faglige breidda ved UiS, og der vi tek med oss 30 års erfaring frå olje og gass inn i eit nytt område.

– Men du skulle også innføre val av dekan og instituttleiar?

– Ja, og styret har akseptert at vi som ein del av den vidare OU-prosessen her ved UiS skal vurdere dette som eit alternativ til ordninga vi har i dag, seier ho.

– Petroleumsmiljøet kjenner seg truga

Rektor fortel at UiS bruker fem millionar frå universitetsfondet og fem millionar frå gåveforskningsfondet i oppstartingsmidlar av senteret. I tillegg kjem fem millionar frå Iris og ti millionar frå UiA.

– I ein vanskeleg økonomisk situasjon er det mange som ønskjer at vi skulle ha brukt forskningsmidlar på andre område. Det vil alltid

vere ulike meiningar om denne typen strategiske satsingar, uttaler Mikkelsen.

Universitetsdirektør Per Ramvi seier at ein kvar strategi eller prioritering vil kunne opplevast som eit inngrep mot fridomen til kvar einskild forskar.

– UiS er bygd opp på petroleumsindustrien, men det nye senteret skal også handle om energieffektivisering, avkarbonisering og nye

Det finst ikkje ein organisasjon som er vanskelegare å leie enn eit universitet.

PER RAMVI, universitetsdirektør, UiS

Hovudproblemet er etter alt å dømme rolleforståinga til styremedlemmene.

JAN FRIDTHJOF BERNT, professor, UiB

energiformer. Då kan petroleumsmiljøet ved UiS kjenne seg truga, fordi ein der er redde for lågare prioritet. Men det er det absolutt ingen grunn til. Når forskarane kjenner seg truga, fokuserer dei kanskje ekstra på det formelle, som til dømes at saka ikkje har blitt handsama i det rette utvalet, meiner han.

Ramvi hevdar at det berre er i delar av TekNat-miljøet det er entusiasme for å satse på avkarbonisering og nye energiformer.

– Det er difor vi måtte gå til enkeltpersonar, på tvers av institutta. Eg synest det er lite romsleg av etablerte miljø å leggje kjelkar i vegen for kollegar som ønskjer å satse på nye område. Det bekymrar meg om tilsette berre viser til det formelle for å stanse prosjekt eller ta omkampar, seier han.

At det er vanskeleg å få til raske omstillingar ved eit universitet, er naturleg, meiner Ramvi.

– Men det finst ikkje ein organisasjon som er vanskelegare å leie enn eit universitet, fordi dei som jobbar der ikkje ønskjer å bli leia.

– Professorar eg har snakka med synest det er vanskeleg å diskutere med leiinga?

– Ja, dei som er ueinige i ei sak meiner gjerne det. Men ingen andre organisasjonar er så demokratiske og har så omfattande arenaer for medverknad, seier han.

Har styremedlemmane nok kunnskap?

Også på heimesida til UiS har det vore livleg debatt om senteretablering, demokrati og medverknad den siste tida. Lene Fosshaug, som fram til nyleg var tilsettrepresentant for teknisk-administrativt personale i styret, skriv i eit innlegg at UiS ser ut til å ha gått frå å vere ein relativt open, regelstyrt og likebehandlande organisasjon til å bli ein organisasjon som er styrt av uformell kommunikasjon og prega av uvisse blant tilsette om når og kor ulike vedtak er fatta. Ho fortel at då senteret kom opp i styret, vart det ikkje lagt fram oversikt over finansiering, det var utydelig kva senteret skulle innehalde, og undervisningsansvaret var ikkje definert.

– Då styret ikkje ville at saka skulle tilbake til TekNat-fakultetet for fullstendig utgreiing, stemte vi interne styremedlemmer imot oppretting av senteret. Vi som gjekk imot, fekk vite at vi snakka ut ifrå særinteresser, noko som absolutt ikkje er tilfellet, seier Fosshaug, som ikkje lenger er tilsett ved UiS.

– Ein kan stille spørsmål ved om dei eksterne styremedlemmene i denne saka fekk eller skaffa seg god nok kunnskap om korleis ein skal få til gode utviklingsprosessar ved UiS. Det må vere viktig for styrerepresentantane å også ha kontakt med ulike fagmiljø i organisasjonen, ikkje

berre med leiinga, meiner ho.

Skapar uvisse om styret si rolle

For det er styremedlemmene som i dag har makta ved universiteta. Men professor Jan Fridthjof Bernt ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen seier at det er eit problem at styret vi har i dag er ein hybrid mellom ulike styringsmodellar, noko som kan skape uvisse med omsyn til styret si rolle.

– Vi har eit universitetsstyre med fire eksterne av i alt elleve medlemmer. Men i strid med forslaget frå Bondevik-regjeringa er leiara for styret ein vald rektor, bortsett frå ved NTNU, som har nytta høvet etter lova til å velje ein modell med ein tilsett rektor som direktør og ein ekstern styreleiar. Denne siste modellen er eg svært kritisk til fordi han viskar ut skillet mellom fag og administrasjon. Men hovudproblemet er etter alt å dømme rolleforståinga til styremedlemmene, seier professor Bernt, som sjølv har vore rektor i tre år.

Han fortel at medlemmene i styret er peika ut på ulike måter.

– Seks er valde for å representere ulike grupper ved universitetet, medan rektor er vald av heile universitetsfellesskapet, men slik at dei vitenskapleg tilsette har den største stemmevekta. Så langt trer ordninga fram som eit slags demokrati, men med dei veikskapane at det ikkje er klart kven dei valde medlemmene eigentleg skal representere eller stå til ansvar overfor. Og for dei fire medlemmene som er utpeika av departementet, er problemet akutt. Dei skal korkje representere eller stå til ansvar for verken departementet eller nokon annan.

Styret har all makt

Bernt ønskjer ikkje å kommentere den konkrete saka ved UiS, men uttaler seg på generelt grunnlag.

– Det som i alle fall er klart, er at styret har all makt så lenge ikkje departementet nyttar seg av sin instruksjonsmynde. Rektor og direktør har berre den avgjerdsmynde som styret til einkvar tid gjev dei. Å opprette nye faglige einingar vil klart ligge utanfor styreområdet til direktøren, dersom ikkje han eller ho har fått ei uttrykkeleg og konkret fullmakt frå styret. Men har direktøren handla med samtykke eller fullmakt frå styret, har han sjølvsagt ikkje gjort noko gale, seier Bernt.

Ein annan ting er om det einskilte styrevedtaket bygger på ei saksframlegging som er god nok.

– Dette er i første hand direktøren og rektor sitt ansvar, men når styret får ei sak, må det sjølv ta stilling til om det synes det har eit godt

Korleis fungerer universitetsdemokratiet på ditt universitet?



RITA SOMMERSETH
Førstelektor, Institutt for helsefag, Universitetet i Stavanger

– Slik eg opplever organisasjonen, fungerer det ikkje bra. Kommunikasjonen går bare ein veg, nemleg ovanfrå og ned. Og slik har det vore heilt sidan vi fekk den nye styringsstrukturen i samband med opprettinga av Universitetet i Stavanger.



HILDE BLIX
Førstelektor, Avdeling for kunsthøgskolen, Universitetet i Tromsø

– I samband med fusjonen ved UiT har vi som kjem frå høgskolen tidvis blitt dårleg informert av universitetsleiinga, og våre vitenskapleg tilsette har hatt for liten representasjon i viktige utval undervegs. Når vi skal inn i ein ny kultur, blir demokrati ekstra viktig. Eg trur demokratiet fungerer betre på fakultetsnivå her i Tromsø.



MARIT STRANDEN
Forskar, Institutt for biologi, NTNU

– Mi stemme som midlertidig tilsett tel mindre enn dei andre valgruppene ved val, noko som reflekterast ved låg valdeltaking i mi gruppe. Større institutt med meir makt til leiar og færre styremøte gjer informasjonsflyten nedover dårlegare, medan tilsette blir pålagt stadig meir rapportering oppover i systemet.

nok grunnlag for å treffe vedtak. Dette er ein viktig del av styrefunksjonen, og det kan nok i ein del saker verte reist spørsmål om universitetsstyra tek ansvaret sitt for denne kvalitetssikringa alvorleg nok, seier Bernt.

I Stavanger har både fagforeningar og professorar no fått blod på tann. Demokratidebat-ten ved UiS er slett ikkje over. ■

FINLAND

Storsatsing på mobilitet

■ Finland ønsker å øke mobiliteten blant studenter og ansatte i høyere utdanning, melder det svenske Högskoleverket. 5 millioner euro per år – tilsvarende om lag 44 millioner norske kroner – er bevilget til dette fram til 2010, som ett av de konkrete tiltakene i landets nye strategi for internasjonalisering av høyere utdanning. Blant de andre tiltakene er en unik satsing på studentutveksling med Russland. Denne støttes med tilsvarende 4,4 millioner norske kroner per år.



STORBRITANNIA

Terrorister på studentvisum?

■ Pakistan anklager Storbritannia for ikke å kontrollere utenlandske søkere til høyere utdanning tilstrekkelig, skriver Guardian.co.uk. Anklagen ble fremsatt i etterkant av antiterroraksjonen som for noen uker siden førte til at elleve personer, de fleste pakistansere, ble pågrepet i Nordvest-England. De elleve hadde fått oppholdstillatelse for å studere, men det skal være uklart om de hadde påbegynt noen studier. Den britiske migrasjonsministeren Phil Woolas er ikke enig i den pakistanske kritikken. Likevel vurderer britiske universiteter nå å styrke kontrollen av søknader fra utenlandske studenter.

VERDEN

Ny nettverksguide

■ «Networking or not working?» Slik reklamerer The Academic Cooperation Association (ACA) for sin nye guide til verdensomspennende forskernettverk. At slike nettverk eksisterer, vet alle, likevel er mange av dem lite tilgjengelige for utenforstående. *Handbook of International Associations in Higher Education* er derfor laget for deg som ønsker å komme i kontakt med, eller lære mer om, internasjonale nettverk. 100 nettverk fra hele verden presenteres i guiden, som foruten kontaktopplysninger inneholder beskrivelser av nettverkens formål, aktiviteter og historie. Den praktiske guiden fås kjøpt på www.aca-secretariat.be.



DANMARK

Kritiserer engelskfokus

■ Rasmus Willig, lederen for Dansk Sociologforening, er sterkt kritisk til det han oppfatter som et overdrevent fokus på publisering i engelskspråklige tidsskrift. Det kom fram da han nylig delte tankene sine med det danske folk via et åpent brev til landets kunnskapsminister Helge Sander. Ifølge Willig er det ingen som leser disse tidsskriftene. For hvor mange er det som refererer til en internasjonalt publisert artikkel? I gjennomsnitt er det én, hevder han i brevet. Les brevet på Information.dk.



AFRIKA

Vil satse på yrkesutdanninger

■ I samarbeid med Verdensbanken har universitetet i Ouagadougou i Burkina Faso holdt en workshop hvor et femtittalls aktører fra høyskolesektoren i tolv afrikanske land deltok. Her ble deltakerne enige om at Afrika framover bør satse mer på kortere yrkesutdanninger på høyskolenivå. Selv om slike to- til treårige yrkesutdanninger er vanlige i vestlige land, skal de være relativt ukjente i utviklingslandene, opplyser det franskspråklige nettstedet www.french.xinhuanet.com.

EUROPA

Konkurrerer om studentene

■ Finanskrisen har ført til økt konkurranse om utenlandske studenter i Europa. I Storbritannia utgjør de internasjonale studentene en svært viktig del av universitetenes finansiering. Men nå må landet tåle en stadig økende konkurranse om disse studentene. Den største trusselen for Storbritannia er fremdeles land som USA, Canada og Australia. I det siste har imidlertid flere konkurrenter utmerket seg. Tyskland anses som en spesielt stor konkurrent, mens Nederland anses som en trussel på sikt. Også Sverige er blitt nevnt som et land å holde øye med, skriver Guardian.co.uk.



EGYPT

Anklager USA for spionasje

■ I en serie artikler i en av Kairos mest populære dagsaviser anklages American University in Cairo (AUC) for spionasje. I artiklene hevdes det at universitetet i 2007 fikk 3,4 millioner egyptiske pund (om lag 5 millioner kroner) for å skaffe Pentagon «informasjon om Egypt». Den amerikanske ambassadøren i Egypt har avvist og imøtegått påstandene, ifølge www.thenational.ae. Samarbeidet mellom universitetet og USA er riktignok reelt, men det skal i hovedsak dreie seg om forskning på fugleinfluensa. AUC regnes som et av Egypts mest prestisjefylte universiteter. Nå mener Hussein Amin, professor i journalistikk ved universitetet, at avisoppslagene har skadet både AUCs og Egypts akademiske rykte.



STORBRITANNIA

Filantropi eller propaganda?

■ En ny rapport som er referert av Guardian.co.uk, tar for seg donasjoner som ledende britiske universiteter de senere år har mottatt blant annet fra Midtøsten. Rapportens forfatter Robin Simcox mener slike donasjoner truer universitetenes akademiske objektivitet, ettersom store donasjoner belønnes med innflytelse i universitetenes virke. Eksempelvis har prins Alwaleed bin Talal av Saudi-Arabias donasjoner til islamske sentre ved universitetene i Edinburgh og Cambridge gitt ham rett til å utpeke flere styremedlemmer ved sen-trene. Utviklingssjef ved Cambridge University, Peter Agar, avviser kritikken fra Simcox ved å vise til at alle som nomineres til styrer først må godkjennes av universitetet.



Betty Pettersson, første kvinnelige student ved et Universitet i Sverige.

SVERIGE

Likestilling er oppnåelig

■ Uppsala universitet har gjort en undersøkelse av kvinnelige doktorgradsstipendiats arbeidsvilkår. Her kommer det fram at likestilling kan være fullt ut gjennomførbart med relativt enkle midler, heter det i Uppsala Nya Tidning. De spurte kvinnene opplevde at mangel på likestilling handlet mest om arbeidsmiljø, fremtidige karriereutsikter og mulighetene for å kombinere forskerkarriere og fritid. For å bedre situasjonen ønsket kvinnene seg flere kvinnelige forbilder og veiledere, egne kvinnetettverk og mentorordninger med erfarne kvinnelige forskere. I tillegg anbefaler rapporten å øke bevisstheten om likestilling ved institusjonen. Det er også viktig å tilby stipendiatene en trygg ansettelse både under og etter stipendiatperioden.

SPANIA

Fremdeles forbedringspotensial

■ Utdanningssystemet i Spania har utviklet seg sterkt de siste årene, skriver University-worldnews.com. Ikke minst gjelder dette på områder som kvalitetssikring og lærestedenes selvstendighet. Men fremdeles eksisterer problemer knyttet til ineffektivitet, akademisk innavl og manglende evne til å møte samfunnets behov. Det kommer fram i en ny rapport fra OECD. Rapporten er den siste av 24 landrapporter fra organisasjonens store gjennomgang av høyere utdanning.



USA

Kutter i doktorgrader

■ Amerikanske læresteder ivrer etter å rekruttere flere studenter, for slik å få bedre økonomi. Men dette gjelder bare opp til doktorgradsnivå, skriver Insidehighered.com. Flere læresteder har nemlig informert om at de planlegger å kutte drastisk i forhold til forrige år når høstens ph.d.-studenter snart skal tas opp. For mens laveregradsstudenter for det meste genererer midler, innebærer ph.d.-studenter også kostnader for universitetene. Årsaken er at forskerutdanningene ofte baserer seg på at lærestedene tildeler ph.d.-studentene stipender, noe som medfører utgifter for lærestedene.

PAKISTAN

Varsler omfattende nedskjæringer

■ Den pakistanske utdanningsmyndigheten the Higher Education Commission planlegger å kutte i budsjettene til landets universiteter med over 70 prosent. Det hevder Pakistans fagorganisasjon for akademikere, ifølge Universityworldnews.com. Nedskjæringene vil blant annet føre til tilbaketrekking av tidligere lovede lønnsforhøyninger. Også stipendordninger for lærere som har påbegynt ph.d.-utdanning i andre land vil påvirkes.





ÅNDA I MASKINA

PETTER AASLESTAD I SAMTALE MED PER ANDERS TODAL.
FOTO: ERIK NORRUD

Det er ein litt matt litteraturprofessor¹ som opnar døra. Ikkje rart. Han kjem rett frå Avdeling for førstegangspyskosar ved Ullevål.

– Ein kan bli litt skjelden av slikt, seier Petter Aaslestad (56).

Det er ikkje så gale som det kan lyde. Han har gått med forskarhatt i dag, og har forelese for Ullevål-personell om boka *Pasienten som tekst*, ein studie av sjukejournalar frå Gaustad gjennom hundre år. Så da startar vi med å snakke med professoren. Nokut får vente.

– Det er ti år sidan første gong den boka kom ut, men ho er stadig etterspurd. Eg burde kanskje lagt bort det gamle stoffet, men det er jo hyggeleg at nokon etterspør kunnskapen, så eg prøver heller å oppdatere han.

– Dette er ein sjeldan bruk av humanistisk kunnskap?

– Det er det. Det er veldig fint å sjå at litteraturvitskapleg metode og innsikt kan brukast på andre felt. Samtida slår inn i journalane, med optimisme i oppgangstider og pessimisme i nedgangstider. Materialet frå Gaustad syner korleis folk i ulike tider finn ulike strategiar for å halde ut lidinga.

Også vegen til Aaslestad inn i litteraturvitskapen handla til ein viss grad om å halde ut lidinga.

– Skjønnlitteraturen har vore ekstremt viktig for orienteringa mi. Det høyrer vel patetisk ut, men da eg tok til å lese Samuel Beckett tidleg i tjuetåra, fann eg endeleg nokon som forheldt seg til verda på ein måte eg kunne kjenne meg att i. Det gav styrke til å halde ut den lidinga vi er underlagde.

Den unge mannen frå Nordstrand fann styrke nok til å skrive ei magisteravhandling om Beckett, parallelt med eit langvarig opphald som universitetslektor ved universitetet i Amsterdam. Han avslutta doktoravhandlinga² si i 1990. Så måtte han velje land å leve i.

– Nederland var fagleg spennande, og eg kunne blitt der resten av livet. Men eg ønskte å bli meir brukt i akademien, og eg hadde eit forhold i Oslo.

Dermed slo Aaslestad til da han fekk ei amanuensisstilling i Trondheim. Han flytta til Noreg rett før EU-debatten tok av. Også det vart formativt, på eit vis.

1. Da journalisten på e-post før intervjuet kom i skade for å hevde at Aaslestad har forlate forskinga til fordel for forskingspolitikken, tok han det ille opp. Vi understrekar difor: Han er framleis professor i litteraturvitskap ved NTNU, og han forskar når han kan.
2. Avhandlinga bar tittelen *Dømt til kunst*, og handla om forteljarstrukturane hos Jonas Lie. Ho har ikkje vore mykje brukt av næringslivet.

– Den norske EU-debatten skjønte eg ingenting av, og eg angra etterpå at eg ikkje sa noko. «Neste gong eg meiner noko, må eg seie det,» tenkte eg. Så vart eg aktivist som førtiåring, og var med på å lage streik mot opprettinga av NTNU.

– For ein sart humanist som deg, var det eit overgrep at universitetet fekk det namnet det fekk?

– Eg reagerte mest på måten prosessen vart gjennomført på. Namnet er vel greitt nok, i alle fall på norsk. Men når eg er i utlandet, hender det eg juksar og seier «University of Trondheim» i staden for heile den regla.

Det liknar eit særdrag ved Aaslestad: viljen til å gjere det beste ut av ting han først var imot.

– Så snart NTNU var vedteke, tykte eg det var viktig å prøve å gjere det best mogleg for alle paratar. I dag er eg stolt av det NTNU har blitt: eit breiddeuniversitet med teknisk-naturvitskapleg profil, men òg eit føregangsuniversitet for tverrfagleg forskning. Somme vil kalle det opportuniste å vere mot noko eine dagen, og samarbeide neste dag. Men om ein synest vedtekne reformer ikkje er til å leve med, bør ein heller slutte.

Humanist kan vere humanist verst. I 2000, medan Aaslestad var dekan ved HF-fakultetet i Trondheim, brukte han i eit intervju ord som «gammalmodig» og «uakademisk» om nordiskfaget i Trondheim, og meinte at faget kunne takke seg sjølv for at studenttilstrøyminga fall. Det vart ein heit debatt, og Aaslestad fekk generøse porsjonar med kjeft frå nordistane.

– Men studentane vende attende til nordisk?

– Vi fekk fokusert på at faget sjølv har eit ansvar for at studentane kjem. Det er ein viktig lærdom. Eg synest det skjer veldig mykje interessant på nordisk ved NTNU no, ikkje minst har vi fått orientert faget meir mot samtidskulturen. Den debatten som var da, er ikkje så freistande å rippe opp i. Det er greitt at folk var sinte. Men da nokon sa at eg ikkje hadde greie på kva faget *gjekk ut på*, da vart eg sur.

Aaslestad har ved fleire høve snakka om at også humanistiske fagmiljø må vise at kunnskapen deira kan vere nyttig for næringslivet og samfunnet.

– Slikt prat blir ofte luftig. Humanistar kan ikkje bidra til å finne meir olje i Nordsjøen eller ein kur for kreft, så kva kan de legitimere dykk med?

– Vi kan ikkje finne olje, men humanistar kan til dømes diskutere prinsipielt om oljen skal takast opp. Det er ikkje berre dei som har den



der oljepinnen eller kva det heiter, som skal meine noko om oljen. Humanistisk kunnskap er relevant i mange slike spørsmål. Og det biletet du teiknar, er fordreidd. Tenk på kor mykje av kulturbransjen som er driven av humanistar. Kulturindustrien er større enn fiskeria.

– Du har sagt: «Humanister har tradisjonelt gått til forskningen eller til skoleverket. De må bruke sin utdanning bredere.» Men kva kan vere breiare enn skulen? Er ikkje problemet heller at klassisk, humanistisk danning er devaluert som ein Zimbabwe-dollar?

– For all del, det er bra å gå til skuleverket. Men poenget er at humanistisk kunnskap kan brukast også på andre felt. Eg ser ingen grunn til å setje dette inn i ei forfallshistorie om danninga. Eg likar ikkje forteljingar om at «no går det så dårleg, og ingen bryr seg om oss». Slik sutring er første steg for å realisere eit forfall.

– Men i nasjonsbyggingstida var det sjølv sagt at det var viktig å lære om dei fire store. Om du skal seie at Bjørnson og Lie er viktige i dag, må du argumentere godt for det.

– Folk går jo og seier slike ting som «jeg velger meg april», samtidig som

dei seier at Bjørnson, nei, han har dei ikkje noko med. Desse tinga ligg tettare på oss enn vi er medvitne om, seier Aaslestad, som arbeider med Bjørnson for tida, og dessutan er med i den nasjonale komiteen for Bjørnsonåret.

– Når hørde du sist nokon seie «jeg velger meg april» i fullt alvor?

– No ja, folk syng i alle fall «Ja, vi elsker» framleis. Og når Noreg skal ut og redde verda, har det liner attende til korleis Bjørnson nærma seg politikken. Å følgje slike spor er ei viktig side ved humaniora.

Det er noko rart med at denne karen skal snakke så mykje om næringslivstilpassing. Han er sjølv ein klassisk, høgkultivert litteraturvitar, oppriktig oppteken av kulturarven og medansvarleg for to bind av *Den norske litterære kanon*.

– Det er viktig at vi kan meir enn å hylle Ibsen. Vi må fornye forholdet vårt til forfattarane frå det moderne gjennombrøtet, om vi ikkje skal få eit for smalt bilete av kulturarven.

No er vi framme ved det som kvalifiserer Aaslestad til eit stort intervju i Forskerforum. For same kor mild han er i framtoningen, har han eit driv

– Men eg tenkjer ikkje så mykje på Beckett når eg er i Nokut altså.

i seg mot forskingspolitisk makt. Han har vore HF-dekan ved NTNU, han prøvde å bli rektor same stad i 2005, og har sidan 2006 vore styreleiar for Nokut, ein instans som mange norske akademikarar elsker å hate.

– Er det interessa di for Beckettsk absurdisme eller for sjukejournalar som har drive deg mot forskingspolitiske verv?

– Det kan vere bra å ha trening i å handtere absurde ting, og ikkje få panikk når ein står overfor paradoks. Men eg tenkjer ikkje så mykje på Beckett når eg er i Nokut, altså. Du spør eigentleg korleis eg kan drive med slikt som eg driv med?

– Ja. Kva gjer eit åndsmenneske som deg som styreleiar for Nokut?

– Åndsmenneske oppfattar eg som eit ironisk omgrep. Men for meg er det utruleg interessant å sjå heile utdanningsnøreg under eitt. Eg kan ikkje skjønne at det finst ei meir interessant universitetspolitisk stilling enn den eg har, seier Aaslestad.

– Ei drivkraft for meg er å oppsøkje ting eg ikkje kan, som ein slags risikosport. Eg synest det er viktig at ein som fagperson er med på å utvikle institusjonane. Det er feigt å unndra seg ansvar og overlate det til ein administrasjon som ein så klagar på. Dessutan er det roande å skjønne meir av korleis verda blir laga.

– Det kan òg verke motsett. Det er ikkje alltid kjekt å få vite kva som er i pølsene.

– Jau, det er greitt å sjå elendet i kvitauget, synest eg. Og det er tilfredsstillande å få høve til å påverke, i staden for å teie og vente på at det ekle går over.

– Nokut må vere ein uriaspost for eit fagmenneske. Ein fange som tek jobben som vaktar i leiren, blir ikkje populær blant dei andre fangane?

– Eg identifiserer meg ikkje med ein slik fange. Eg er oppteken av korleis vi kan få Nokut til å bli eit fornuftig organ. Nokut gjer mykje vitugt arbeid som veldig mange har nytte av. Blås i det biletet ditt, det seier meg ikkje noko. Eller kanskje er eg så øydelagt at eg ikkje kan ta det inn over meg. Det er jo i så fall ... fint.

– Når Jarle Aarbakke, rektor ved Universitetet i Tromsø, hevdar at Nokut slit med legitimiteten i norsk akademia, kva tenkjer du da?

– Den utsegna må stå for hans rekning. Og biletet er mykje meir nyantert. Veldig mange er glade for Nokut, og veldig mange norske akademikarar arbeider i Nokut-komitear. Det er eit felles ansvar at systemet fungerer, og om Aarbakke er uroleg for renomeet, bør han yte sitt for at det blir betre.

– «Det gjeld å hindre at systemet blir smått, kontrollerende og uvisjonært,» sa du i eit intervju med bladet Forskningspolitikk. Men når det gjeld evalueringsregimet i akademia, er det ikkje få som opplever det nett slik?

– Det er slikt ein kan slenge ut, men eg identifiserer meg ikkje med ei slik skildring. Dei fleste institusjonar har mykje nytte av besøk av ein sakkynndig komité. Vi har jo alle som felles mål å betre kvaliteten på norsk utdanning, seier Aaslestad.

– Det er elles viktig å få fram at Nokut ikkje driv politikk. Da Øystein Djupedal opna Universitetet i Agder, sa han at han følgde Nokuts råd. Det er feil. Vi står for det formelle, statsråden bestemmer kva institusjonar vi skal ha.

– Det er mykje underleg språk i visjonane for forskingsnøreg. Du som har kunnskap om forteljarteori – kva gjer denne retorikken med forståinga av forskinga?

– Ein kunne av og til ønskt seg ein prosa ein kunne blitt litt meir begeistra over. Sjølv har eg kritisert snakket ved min eigen institusjon om å kome på pallen, sportsmetaforikken synest eg er meiningslaus. Akademia når innsiktsnivå som sportsverda ikkje kjenner til.

– Du må jo sjølv bli fanga inn av dette språket? Dette er frå eit innlegg du hadde i Aftenposten ...

– Huff. Eg gruar meg.

– «Strategien peker på et underforbruk av humanistisk forskning innen



innovasjon og næringsutvikling.»³ Dette er ikkje sportsspråk, men heller økonomispråk?

– Å, det var ikkje verre. Underforbruk, ja. Vel, vi har alt snakka om at det er potensial for meir bruk av humanistisk forskning i samfunnet. Og det er vår oppgåve å sørgje for at kandidatane våre får seg arbeid og blir klare over kva kompetansen deira kan brukast til.

– Du skreiv i ein e-post før dette intervjuet: «Jeg utvikler meg videre som forsker gjennom en utvidet forståelse av samfunnet som den administrative makten har gitt meg.» Forklar.

– For meg som forskar har det gjeve utbyte å skjønne meir av samfunnsmakta og institusjonsoppbygging i praksis. Eg legg større vekt på kontekstuell forståing no, også når eg les gammal litteratur, og ser meir på utvekslinga mellom kunsten og samfunnet.

Petter Aaslestad har visst blitt vaksen av verva sine. Han kjenner seg rett og slett ansvarleggjort.

– Eg er meir klar over at universiteta finst fordi nokon kvar dag tek avgjerda om å løyve pengar til dei. Og eg ser ikkje på samfunnsoppdraget som forstyrrande, heller som motiverande. Kort fortalt: Eg har blitt meir merksam på samfunnets behov. ■

3. Innlegget skreiv Aaslestad under hatten «Leiar for fagkomiteen for humanistisk forskning» i Noregs forskingsråd.

KVEN: Postdoktor Connie Reksten ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen.

KVA: Om korleis matproduksjon og matopplevingar blir brukt til å skape og marknadsføre regional identitet på Vestlandet. Prosjektet er ein del av UiB si forskingssatsing på region og regionalisering.

KORLEIS: Kvalitativ metode med deltakande observasjon på matfestivalar og marknader, intervju med produsentar og konsumentar.

TEKST OG FOTO: KJERSTIN GJENGEDAL

Korleis smakar

Bergen Matfestival vert arrangert i historiske omgjevnader på Bryggen. Begge delar er med på å skape «smaken av Vestlandet».



PROSJEKT/TEMA: «Sanselige regioner». Sted, mat og «place-marketing» i tre av Europas regioner. INSTITUSJON: Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen. FAGRETNING: Kulturvitenskap. FINANSIERING: Universitetet i Bergen. ARBEIDSFORM: Deltakande observasjon og intervju, smaksprøver. UUNNVERLEG VERKTØY: Penn, både for å kunne skrive og tenke. PUBLISERINGSFORM: Artiklar i vitenskaplege tidsskrift. NY KUNNSKAP: Reknar med å finne at det er sterke moralkodar knytta til tradisjonsmat.



«Villsau fra Vestlandet». Stadig fleire småprodusentar oppdagar at det er pengar å tene på tradisjonsmat i moderne innpakning.

det her?

– Eg har aldri vore så svolten eller ete så mykje i heile mitt liv. Eg tenkte berre på mat, ler Connie Reksten.

Ho siktar til perioden med feltarbeid på Bergen Matfestival, ei samanslutning av fleire tradisjonsrike arrangement som Bønder i byd'n og Sjømat for alle. Festivalen hevdar å vere landets største presentasjon av småskala matprodusentar. På fjorårets festival gjekk Reksten rundt og observerte, filma, førte feltdagbok, snakka med folk, og saug inn atmosfæren. Stemninga smitta, og gjennom heile festivalen var ho superoppteiken av mat.

– Feltarbeid blir stadig meir vanleg i kulturforskning. Det går opp for fleire at når det gjeld kulturelle prosessar i samtida, så er det grenser for kor mykje ein kan lese seg til, fortel Reksten, som opphavleg er etnolog. Kulturvitskapen bygger på etnologi og folkloristikk, og studerer kulturelle uttrykk og handlingar i kvardagslivet.

Rett nok er det ikkje mat i seg sjølv som er tema for prosjektet hennar, men snarare korleis maten er med på å gje mening til staden den kjem frå. Det blir produsert lokale produkt og tradisjonsmat som aldri før, og forfedrane sine pragmatiske strategiar for å utnytte den siste vesle kjøttrevl på saueskroten er blitt til festmat der kjennarane kan krangle i timevis om den rette måten å salte og tørke kjøtet på. Meir enn nokon gong er mat eit uttrykk for identitet.

Vestland = pinnekjøtt?

Det store spørsmålet Reksten stiller seg, er om ein kan forstå denne utviklinga som ein del av ein regionaliseringsprosess.

– Mange tenkjer på regionalisering som noko forvaltingsmessig, noko administrativt, slik som regionsreforma. Den prosessen vart lagt død, men regionalisering skjer jo også på eit

anna nivå. Det kan sjåast som ein samtidsskulturell prosess som kjem nedanfrå og avset seg i folks kvardag. Kvifor et vestlendingar pinnekjøtt på julaften? Det er ikkje sikkert at folk som et mat frå regionen, tenkjer på det som eit identitetsprosjekt, men kanskje kan vi forstå det som ein regionaliseringsprosess likevel, seier ho.

Dei siste åra har vi høyrte mykje om globalisering, men midt i den globale kulturspreiinga skjer det også ein storstilt produksjon av nye lokale stadsidentitetar. Samstundes med at tradisjonelle næringar som jordbruk og industri blir nedlagde og outsourca, må stadene få ei ny mening og ein ny identitet. Denne nyskapinga er gjerne økonomisk motivert, som når småkommunar satsar på kultur og opplevingar for å trekke turistar. Mat passar godt inn i ein slik opplevingsøkonomi.

På Bergen Matfestival, og på dei stadig meir populære Bondens marknad som skyt opp over heile landet, kan ein få spekepølse, sider, geitost, urter, honning og lefse rett frå produsenten.

– Mange meiner at matfestivalar og gardsmat berre handlar om lokalsamfunn som er ute etter å tene pengar. Men kvifor vel dei å tene pengar på akkurat mat? Kvifor vil folk kjøpe det som blir produsert? Det er interessant at mange er så opptekne av å bruke tradisjonar og mat i konstruksjonen av identitet, tykkjer Reksten.

Mat som samfunnsbygger

Mykje forskning har framheva korleis mat og det å dele måltid skapar likskap og tillit, og i ytste konsekvens kan forståast som samfunnsbyggande og som eit grunnlag for sivilisering. Kulturforskarar har gjerne vore opptekne av å identifisere norsk mat og karakterisere den norske matkulturen.

– Eg kallar det kjøttakeforskning: Det er ein

type forskning som handlar mykje om det norske, og om korleis mat skapar likskap mellom nordmenn, om den norske matpakka og slikt. Men mat skapar jo også konflikt og skiljelinjer, og når det gjeld regionalisering, er ein interessert i å produsere noko som er annleis enn det andre gjer. Ein vil produsere noko som er bunde til staden, hevdar Reksten.

– Har du sett TV-serien «Smaken av Norge»? Der reiser programleiarane rundt i landet og finn oppskrifter og råvarer. Eigentleg er det jo smaken av ulike regionar det handlar om. Programserien opphevar ikkje nasjonen, men seier i staden at Noreg er sett i hop av fleire regionar med sine særneigne råvarer og jordsmonn, som påverkar smaken. Slik blir maten verkeleg stadbunden, men det er noko ein ønskjer.

Innlandsmat dominerer på kysten

Likevel tykkjer Reksten det er vanskeleg å seie kva mat som er typisk for Vestlandet. Mange har nok ei førestilling om at som kystbuarar et vestlendingane mykje fisk, men ser ein på utvalet på Bondens marknad i Bergen, ser ein at det er innlandsmaten som dominerer. Det går i pølse, spekekjøtt, ost og frukt. Sel ein fisk, er det ikkje fersk torsk, men luta eller tørka fisk.

– Det ser ut til at indre strøk har sete med definisjonsmakta når det gjeld kva produkt som skal tilhøyre heile regionen. Smalahove er jo veldig tydeleg, synleg og annleis. Eg veit ikkje om det er grunnen, men eg trur at jo tydelegare og meir annleis eit produkt er, jo lettare er det å definere det som viktig. Oppgåva mi er ikkje å leite fram den autentiske vestlandsmaten, men å finne ut kvifor spørsmålet så ofte blir stilt. Diskusjonane kan gå i det uendelege om røyking eller ikkje røyking, om kor mykje salt ein skal bruke og kvifor. Det at desse diskusjonane



– Det er interessant korleis ein nyttar fortida til å konstruere moderne identitet. Traurig tradisjonsmat har fått ny status, hevdar postdoktor Connie Reksten.

finn stad, er det viktige for meg. Mat seier heilt klart noko om samtida, og om verdiar og normer. Folk har mange meiningar og brukar tid og energi på det, og dei har glede av å prøve ut oppskriftene til bestemor.

Å selje matopplevingar

Noko av målet med Bergen Matfestival er å synleggjere matkultur i Hordaland og Sogn og Fjordane, og å vise andre landsdelar kva regionen har å tilby. Dette blir framheva av Hordaland fylkeskommune, som er økonomisk støttespelar for festivalen. Ein kan sjå tendensar til at mat blir brukt i ei medviten marknadsføring av regionen, på same måten som ein kan reise på vinsmakingsferie til Frankrike eller Italia – sjølv om prosessen ikkje er komen like langt hos oss. Reksten ser i prosjektet sitt på to andre regionar i Europa, Tyrol i Alpane og Somerset i England, som marknadsfører seg mellom anna ved hjelp av mat.

– I Somerset har dei brukt eit stort place-marketing-selskap som har fått i oppdrag å «produsere» regionen. For meg blir det heilt absurd, men det opnar for interessante samanlikningar, seier ho.

Oppdraget vart gitt til selskapet av dei lokale styresmaktene. Det handlar altså ikkje lenger

om at styresmaktene legg til rette for utvikling av jordbruk, fiske eller industri, men at dei i staden ber eit marknadsføringsselskap om å utvikle regionen med tanke på langsiktig økonomisk gevinst. Slik spelar politikk og næringsinteresser på lag på ein annan måte enn før. I dag blir Somerset marknadsført som heimstaden til den legendariske kong Arthur, og til den nesten like legendariske cheddarosten. På same måte som på Vestlandet arrangerer ein lokale «farmer's market» der ein kan kjøpe lokale produkt.

Region og regionalisering

- Ei tverrfakultær, strategisk forskings-satsing ved Universitetet i Bergen.
- Humanistisk fakultet er vertsfakultet og initiativtakar. Samfunnsvitskapleg, matematisk-naturvitskapleg og juridisk fakultet deltek.
- Landskap, samfunn/politikk og kultur-arv/historie er tematiske hovudområde.
- Tre stipendiatar, ein postdoktor og to førsteamanuensar har så langt prosjekt knytta til programmet.

Må lære å smake

– Det skjer mykje opplæring og sosialisering på slike arenaer. Mange produsentar serverer smaksprøver og vil lære deg å smake. På eiga hand ville eg aldri ha identifisert blåbærsmaken i hjortepølsa, men når produsenten nemner det, så kjenner ein det. På Bondens marknad var alle veldig opptekne av smak, og det tyder kanskje at mat er meir knytt til nyting enn nokon gong. Det er eg ikkje sikker på, det er noko eg må finne ut av. Samstundes er det viktig at smaken er unik og annleis. Eg spurde nokre produsentar om dei ville prøve å få produkta sine inn i daglegvarekjedene, for å få meir flyt i omsetninga. Men det ville dei ikkje. Då mister produkta eksklusivitet. No blir jo produkta til Nordfjordkjøtt selde på Rema, og då eg spurde kvifor dei ikkje vart selde på matfestivalane, var svaret at smaken ikkje var god nok.

Når Reksten no er i ferd med å stålsetje seg til ein ny runde med feltarbeid, er ho på jakt etter slike skiljeliner: mellom god og dårleg smak, mellom dei verdiane som blir framheva og dei som blir valde bort, mellom likskap og annleisheit. Sikkert er i alle fall at debatten om vestlandssmaken vil halde fram. ■

Nyheter fra Universitetsforlaget

Postholm / Moen: Forsknings- og utviklingsarbeid i skolen

En metodebok for lærere, studenter og forskere

Lærere i skolen kan utføre et forsknings- og utviklingsarbeid på egenhånd eller i samarbeid med forskere. I et forskende partnerskap utvikler lærere ny innsikt i egen undervisning, og forskere får større forståelse av praksis i skolen. Begge parter får slik dannet ny kunnskap som de kan ta med seg videre i sine virksomheter. Boka tar opp etiske utfordringer som kan oppstå i et slikt utviklingsfellesskap, hvilken kunnskap som blir produsert og hvilken betydning denne kunnskapen har. Forfatterne presenterer også sin egenutviklede FoU-modell, som viser de ulike prosessene og nivåene i et FoU-arbeid.

• Kr 199,- • 120 sider

Rita Hvistendahl (red.): Flerspråklighet i skolen

Denne innholdsrike boka handler om flerspråklighet fra barneskole til lærerutdanning, med særlig vekt på opplæringen for elever fra språklige minoriteter. Forfatterne har ulik bakgrunn og flere er selv flerspråklige. Boka gir kunnskap om flerspråklighet som fenomen, opplæringen for elever fra språklige minoriteter, bruk av flere språk i undervisningen, de tospråklige lærernes rolle i skolen samt ressurser og læremiddelsituasjonen.

Innledningskapitlet er oversatt til arabisk, engelsk, persisk, polsk, tyrkisk og urdu. • Kr 299,- • 308 sider

Geir Botten: Min Lidle Norske Regnebog

Noen dypdykk i ei lærebok i matematikk fra 1645

«En mann fortjener daglig ved bryggen når han arbeider, 15 skilling og fordriker 9 når han er ørkesløs. Da året var passert er alt sammen fordruttet og dertil skyldig ølkonen 7 mark og 8 skilling. Hvor mange dager har han arbeidet og hvor mange har han vært ørkesløs?»

Dette er en av oppgavene i Tyge Hanssens bok *Arithmetica Danica* fra 1645. Boka inneholder matematikkoppgaver på rim, oppgaver rettet spesielt mot kvinner, oppmuntringsvers og moralske pekefinger. Flere av eksemplene og oppgavene kan i dag virke fremmede, men samtidig er de både aktuelle, tankevekkende og interessante.

Forfatteren spiller noen av sine funn i dagens skole og samfunn.

• Kr 249,- • 144 sider • Boka kommer i mai 2009



UNIVERSITETSFORLAGET.NO

UNIVERSITETSFORLAGET

Kjøp bøkene på www.universitetsforlaget.no, bestilling@universitetsforlaget.no eller i bokhandelen

ZENRESORT & Spa

Japanisk inspirert i villmarka
1,5 time fra Oslo
Yoga, meditasjon, trening m.m.
www.zenresort.no



For kursreiser til utlandet, sjekk
www.lifetravel.no

Kvinner i forskning


KJENNER DU EN GOD FORSKNINGSLEDER?

Komité for integreringstiltak – kvinner i forskning (Kif-komiteen) vil utarbeide en katalog som presenterer miljøer innen tradisjonelt mannsdominerte fag og fagområder som lykkes med å tiltrekke seg kvinnelige forskere.

Fokuset er rettet mot forskningsledelse. Katalogen er en anledning for institusjonene og miljøene til å vise fram gode eksempler. Prosjektet er utlyst i sin helhet på våre hjemmesider med oversikt over kriterier, hvilke opplysninger vi trenger og kontaktinformasjon:
www.kvinneriforskning.no

FRIST FOR Å MELDE INN FORSLAG ER 31. MAI





Fem mann og en slede er på vei nedover en isbre mot Raudfjorden på Spitsbergen. En mann står foran på sleden og bremser. Fire mann holder igjen sleden med tau. Bildet er datert 14.08.1909, og er fra den norske, statsstøttede Spitsbergen-ekspedisjonen, en innlandstur fra Krossfjorden til Raudfjorden. Fotografen er ukjent.

Universitetshistorisk fotobase ved Universitetet i Oslo har leid ut fotografiet til bruk i Forskerforum.



Her ble Norge satt på kartet

Det gamle Observatoriet i Oslo gav Norge nøyaktig tid og presise kart. Nå restaureres bygningen, som skal få nytt liv som formidlingssenter for skoleelever.

TEKST: SIDSEL VALUM

Observatoriet ved Solli plass i Oslo skal restaureres, og det arbeides med planer om at det skal bli et formidlingssenter for skoleelever. Restaureringen skal være ferdig innen 200-årsjubileet til Universitetet i Oslo i 2011.

Mange entusiaster og «Observatorie-nerder» har æren for at det blir en realitet. En av dem er Bjørn Geirr Harsson, som tidlig var med i arbeidet for å bevare bygningen og føre den tilbake til sin opprinnelige form.

«Hellig» rom

– Dette er et «hellig» rom for Statens kartverk, sier Harsson, når han trer inn i det såkalte meridianrommet i Observatoriets østfløy.

Det er med andektighet å spore han og andre med inngående kjennskap til rommet og Observatoriet setter sine føtter på tregulvet som inntil nylig har vært dekket av betong.

– Det var her grunnlaget ble lagt for at Norge fikk presise kart. Observatoriet var utgangspunktet for øst-vest-verdier i det norske, offisielle kartsystemet, slår Harsson fast.

Ekvator var utgangspunkt for nord-verdier.

Den opprinnelige vitenskapelige delen av Observatoriet er i dag avstengt fra bruk. I resten av bygningen holder Senter for Ibsen-studier til. Ibsensenteret skal flytte ut innen utgangen av 2009, trolig til Blindern.

Eldste universitetsbygning

Det astronomiske observatorium sto ferdig og ble tatt i bruk i 1833–1834. Det er den eldste bygningen som er reist av et norsk universitet til vitenskapelige formål. Den gang lå Observatoriet utenfor det som var bysentrum i Christiania. Her kunne datidens astronomer studere stjernehimmelen uforstyrret av kunstig lys fra gater og bygninger. Professor i astronomi og anvendt matematikk Christopher Hansteen (1784–1873), har mye av æren for at det ble reist. Han var fra 1931 enedirektør i Norges geografiske oppmåling, senere Statens kartverk.

Observatoriet var også utgangspunkt for at vi fikk korrekt tidsmåling, og for tidssignal i form av en stor, rund kule, som ble sluppet langs en

stang presis klokken tolv om formiddagen hver onsdag og lørdag.

Spor fra fortiden

Siden midten av 1930-tallet, har gulvet i meridianrommet vært dekket av betong. Sivilarkitekt og kulturminnekonsulent Jens Treider har ledet det møysommelige arbeidet med å fjerne betongdekket. Han har lang erfaring fra restaurering av historiske bygninger, og har vært sentral i flere prosjekter for Universitetet i Oslo og Norsk Folkemuseum. Han er engasjert for å finne spor etter hvordan Observatoriet så ut opprinnelig. At han i tillegg er hobbyastronom og selv liker å kikke på stjernehimmelen gjennom sitt eget teleskop, er en god ballast i arbeidet.

